


FOLK i Ryfylke 1991



RF

FOLK 1991 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylke


Redaktør: Roy Høibo
Utgivar: Ryfylkemuseet
4230 Sand
Telefon (04) 79 73 77

ABONNEMENT:
FOLK i RYfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementprisen for 1991 er kr. 85,—
og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet.
Postgirokonto 5 66 29 11
Bankgirokonto 3202.07.01527


Sats, repro, trykk og innbinding:
Allservice a.s., Stavanger

ISBN 82 - 90271 - 04 - 2

Framsida: Gullingen og Grønhåve sett frå Krukeneset på andre sida av Mosvatnet. Jenta i huska heiter Kari og kua heitte Kossi.



Innhald



- 5 Redaksjonelt
- 7 Møte ved Gullingen
Av John Moe
- 33 Gøy på landet
Av Njål Tjeltveit
- 47 Här stannar inte jag
Av Lars Gaute Jøssang
- 57 Klesplagga mellom oss
Av Asgjerd Taksdal
- 71 Vi møttest på dans
Av Njål Tjeltveit

Bybesøk - ingen treng vera i tvil om kven som er dei innfødde, skriv Asgjerd Taksdal om dette bildet, som illustrerer artikkelen hennar om klesplagga mellom oss.

Voster 1914. Slik stilte dei opp, og vi har fått ein framifrå dokumentasjon både av byggeskikk og klesskikk. Fotoet er ein illustrasjon til artikkelen til Asgjerd Taksdal.



Redaksjonelt

Som ein lekk i arbeidet med å få ei breiare kontaktflate i det distriktet Ryfylkemuseet skal arbeide i, har vi bedt noen personar vera med i eit redaksjonsråd for årboka vår. Årets utgåve er såleis det første resultatet av samarbeidet med denne gruppa, sjølv om lesarane kanskje ikkje ser den store revolusjonen allereide i år.

Den største endringa i forhold til tidlegare år er at vi har forsøkt å samle noen artiklar kring eit bestemt tema. I år er temaet «møte».

Til alle tider har menneske møtt einannan, både som enkeltpersonar og som grupper. I Ryfylke er saga også rik på møte mellom kulturar. Slike kultur-møte har til ulike tider og på ulike stader ført til ulike resultat. Ein kan sjå samansmelting av kulturar, men og det rakt motsette, at eit møte styrker medvetet om og dyrkinga av eigen kultur. Ein kan sjå ulike grupper med sine verdiar og interesser leve i harmoni ved sidan av einannan, og ein kan sjå motsetningar og konflikt.

Det sterkaste vi kan by på i dette heftet er kanhende artikkelen til Lars Gaute Jøssang om møtet mellom stålverksarbeidarane og fiske- og jektebøndene på Jørpeland. Men også Njål Tjeltveit skriv om kultur-møte i sin artikkel om byfolk og bønder på Fister. Av liknande studier frå andre stader, t.d. frå Sverige, veit vi at samkvemet mellom fastbuande og feriefolk ikkje alltid gikk av i likaste laget. Korleis det gikk

på Fister får vera eit ope spørsmål til artikkelen er lesen.

Flittig som Njål Tjeltveit er, har vi også kunna nytte oss av enda ein artikkel han har skrive. Og nå nærmar vi oss det meir intime og vanskelege i Ryfylke-kulturen. Dansen var meir lada enn noe anna, og ikkje minst alt det han førte med seg. Og kan dans i det heile reknast til kulturen i Ryfylke?

Også Asgjerd Taksdal skriv om det kroppsnære, om klesplagga mellom oss, og viser oss på ein forvitneleg måte korleis kleda har sendt signal til omgjevnadene både om kven ein var og kva ein ville.

Redaksjonsrådet har og sett det slik at det kunne vore interessant å gå ut over det reint dokumentariske i artikkelstoffet ved å nærme seg litteraturen og kunsten. Vi er derfor svært glade for at vi har fått Jon Moe til å skriva ein artikkel for oss, som dessmeir er utstyrt med eit rikhaldig bildestoff. Men også den føyer seg fint inn i ramma for temaet, og skildrar eit område i heia som møtestad mellom folk og tid og rom.

Dei som er med i redaksjonrådet er:

Erik Fossåskaret, forskar, Rennesøy
Halvdan Magnus Hansen, kultursjef, Jørpeland
Njål Tjeltveit, kultursjef, Fister
Jorun Strand Vestbø, adjunkt, Judaberg
Tone Årtun, lektor, Sauda

Gullingen i vinterdrakt med Klovningane i forgrunnen.



Møte ved Gullingen

AV JON MOE

Gullingen har vore og er og blir ein møtestad. Nuten ligg så lagleg til. Og han er høg, nær tusen meter. Han fangar dei første solstrålane om morgonen og let seg gylla av dei siste om kvelden. Slik har han fått namnet sitt; det er gammalt men knapt av dei eldste. På kart frå 1800-talet står det Gurinuten.

Møtestad-minningane er mange. Over senga på ein støl ved Mosvatnet er lange poetiske utfall skorne inn med kniv, bokstav ved bokstav utan anna merke mellom orda enn ein trikant i karveskurd. Det meste er ikkje lesande lenger. Men det var vel nettopp meint å vera like kryptografisk som all hemmeleg skrift. Litt kan ein likevel få ut av det.

Over vand til pigerne les ein midt inne i den meterlange teksten der han buktar seg mot mørkaste kråa. Denne grøypete Ryfylke-lyrikken blir ståande til tømmerveggen rotnar. Einstad har seinare tiders sensuristar vore framme med øksa og hogge det «halvgalne» vekk. Ordet *humor* var ukjent i Suldal. Ein hadde synonym, alltid andre ord. *Halvgale* var eit ord for humoristisk, dette som gjerne datt folk or munnen men ikkje burde skrivast. Humoristen, han «galna seg.»

Gullingen er staden der dei spreke møtest etter avta-

le eller berre «treffer té treffast,» høgt ved varden eller andre stader i nærleiken av den markante nuten. Det er i nyare tid dei har halvert han til berre Gullingen; me kalla han alltid Gullingnuten. Og Froastølen snakka me om, Breiastølen, Stavastølen. Eit namn fekk alltid meir enn det eine beinet å stå på. No er det Froa og Breia og Stava. Tida er ein lauvkniv som kvistar målet vårt.

I klårt ver ser ein «lika té by'n» og endå lenger når ein står på toppen av Gullingnuten. Mange har hug til å koma seg opp på høge fjell. Det ligg i oss, dette at me vil til topps.

Det finst høgare fjell, men Gullingen har alltid vore høg nok. Ein dansk kunstmålar triumferte på denne toppen ein gong. Han hadde sett langt. Og han hadde studert kart over det lange landet vårt. Så himla han med augene og forkyste sin hensigt:

- Neste gang skal jeg bestige Kirkenes!



«Diskos-kast» under Gullingen. Ein snømole hadde losna høgt oppi nuten og vorte rund då han kom på trilt.

Sport på klyppekort.

Ein les annonser i Stavanger-avisene: - «Bli med hurtigbåten *Clipper* til Gullingen!» Det forstår seg; ein reiser til Vadla i Jøsenfjorden på ein-to-tri og får komfortabel skyss med Suldalsbuss vidare «gjennom den ville Ulladalen via Hjorteland til Gullingen

skisenter ved Mosvannet,» der det alltid er «nesten tre og en halv meter snø og glimrende forhold. Skiheisen til Gullings topp går uopphørlig, løypene er preparerte med doble spor.»

Haugesundarane har oppdaga denne staden; han ligg så fin-fint til under Grønhåve i Breiastøl-kjeften med utsyn heimover til Neiken og fjerne Sauda-fjell. Andre vegen møter auga Ørekvamsnibbo og Grøne Nuten og let seg dra inn i holaste Dyråheio. Hit kjem dei frå Haugarlandet med hjulgåande *bu-hus* på slep og ber seg åt som folk, det er ikkje vill-turist. Attmed vandringshjulet på skiheisen set dei seg til i lange rader som flyttfugl på streng, godt utrusta og alltid huga på å koma att neste helg. Folk leikar seg til helse i skiheisen. Dei sit opp og dett nedatt, på klyppekort.

Gullingen er møtestaden for alle som vil ha det makeleg både dag og natt, dei ferdast i mørkret som



«Fjellkaggen» ligg attmed den gamle gongevegen oppå Brønnsøldalen. Det er ei oppkome som renn ut or harde fjellet. Alle heiefolk som ferdast her visste om denne friske kjelda og sløkte tørsten der.



Dei første hjulgående kjøregreiene er komne opp til Neiken, der heia opnar seg med Grønhåve og Gullingen. Enno er det veglaust, men med hjelp av hestekrefter på godt snøføre greidde dei det. Den eine drog den andre i eit tog med tri vogner. Ulla-Førre-utbygginga skal ta til for alvor.

grå katten fordi dei har fått lysløyper å følgja. Og maskinbrøytt låmer. Kva skal ein med trinse på skistav? Skiheisen går likevel ikkje til Gullingen, men forenkling er nødvendig når heile tilveret skal forenklast. Dei innfødde flirer overberande: Ein kunne gjerne ha fått dei opp til «Gullingens topp» pr. taubane, men det ville blitt verre å løypa nedatt om det ikkje var på løypestreng, der alt går berre ein einaste susande veg.

Nei, skiheisen på skisenteret går ikkje høgare, og kan ikkje godt gjera det, enn til Klovningane. Det er ei kløyvd steinblokk som ligg på himlaleitet, sett frå Breiastølen, og som såleis har fått sin augnedåp og namn.

Gullingen, det er guten sin.

Gullingen dominerer i laget, helst meir enn den mykje høgare Napen lenger aust i heia. Napen er

same namnet som det tyske ordet *der Knabe*, og det tyder berre Guten. I alle tider og alle miljø er det kjensleg tale, ofte sagd i sjølvros. Ein vil gjera seg stor ved å seia seg liten:


- Her er gutten!

Vinje reiste oppatt ein David, ein Storegut i litteraturen; «det var *gut* som Eivind dengde.»


Gullingen, det er guten sin!

Han er den gjævaste i lågheia, eit samle-omgrep og ein dominant som er oppreist til møte med alt som krek ikring. Alle andre høge fjell dei ligg annleis til og har ikkje reist or sengjhalmen som ein odelsgut med hand i sida.

Det er blitt eit hankjønns fjell, dette som kartmakaren eingong kalla Gurinuten. Og lenger innpå, bortanom Reinsnuten og ovanom Djupadal, ligg Karinuten. Guri og Kari, jenter og fjell.



Godt å koma fram til Veddal og få ein sup av Mosvatnet.



Den veldige snøvinteren 1961/62. Mange hytter snøa omtrent ned. Dette er Kruenes-hytta, halvannen etasje høy, og her under nærare tri meter snø.

Øyregangane opna seg.

Vårfrumess-tider kom dei, alle som laut i høyskog, anten dei lika det eller ikkje. Djup snø, hest på trugar, menn på hudskoleisten med nye snøsokk-hekte. Dei hadde kava seg opp med vinterskrottane sine. På høgda stoppa dei og stod der litt andpustne og glymde mot eit sterkare ljøs i absolutt tynnare luft. Øyregangane opna seg så det knast inni skoltane. Dei var komne or ein dal som var avsølt i veker og månader. Om det sterke kunne ein seia at det var mest'e altfor sterkt. Dette var altfor lettleg, altfor ljost. Men godt!

Med sledar og kjelkar var dei på veg til stølane,

til alle småløene, til sytti høystakkar. «Ein mann åtte ein vingard,» ein mann hadde 13 høyløer i heia og endå mange stakkslåtter. Det var ikkje uvanleg å slå i heia seks veker og meir, alt til langt ut i den gul-valne haust. Dei buførde ikkje før til Mikkelsmess, 29. september, mange stader. Vinteren laut pusta på dei før dei gav seg.

Heiaslåttan finst enno i minnet som finnstubb innom skjortekragen. Heiaslåttan, det v a r noko! Og vinterdagen på høyskog då folk frå heile kverven møttest her og nytta ver og føre til siste taket i ein livsviktig gjerning.



Kring Gullingen er det gjerne molte å finna. Her er Alfred Hauge og Jakob Galland i ferd med å fylla bøtter og spann i Breiastøldalen. Fjellet i bakgrunnen er Grønhåve.

Sikker og usikker is.

Karane på høyskog stoppar litt i Veddal, og det kjem fleire som når dei att på ein blenkjande møtestad. Dei spyttar ut gammal og bit seg ny skrå, dei ser ut over den vassbeine isen, det rettaste dei har sett sidan sist dei var her. Resten av verda skaper seg jamt etter skeive vinklar. Isen? Det er alltid spørsmålet. Han kan vera luren, den isen. Er han sikker?


Ambjør'-Lars, eller berre Ambjør'en, dei sa, - han kom til dals frå Hjorteland ein dag i desember og blei spurd om han hadde prøvt Mosvass-isen; det var så mykje snarare, fekk ein bruka den.

Å ja, dét hadde han.

- Han var sterk nok då?

- Ja, du va' då go'! Eg eg daska og prøvd' han med lovotten for kvart steget.

Du la ikkje Ambjør'en så lett på flat'e mark. Gattes-Nils meinte han sku' greia det og lova Ambjør'en pryl før neste vårblot. Så leigd' han seg inn på Rabbane ein vinter, låg på stovelemmen, slakta og åt opp ein ferdig-krydda brundver. Det var imot vanen å slakta saubukk før han var fri usmaken. Men ein trudde på ram'e bukken frå gammalt av. Ram-bukk, det er sterkt og det gir styrke. Den som ét han blir kjempekar i stand til å «ta» kvar



Ved hole-opninga og brenn-nesleskogen i Bonningen, der det kanskje har budd folk for over 6000 år sidan.

krælingen. Stanga som veren i fullt tilsprang, skalla og flatleggja Ambjør'en så det berre søkk i 'an.

I Setesdal var det ein mykje omsnakka rugg; han åt opp fjorten verer på ein vinter, han. Og flåtet - det drakk han. Ja, dette sa dei. Så ein dag i mai sprang han til som ein kvervelvind nedetter bygdene, hivde ut heile brudlaup og dengde «gode karar» så langt som dalen var hol. Ikkje nok med dét: Han sprønte over heiane til Fyresdal og prylte siste kjempa ein visste om, ein buse som hadde gått frikar på Dalen i trædeve år.

Såvorne horjer hadde Gautes-Nils høyr, men feit og *før* måtte han ikkje bli, så han tømde flåtet ut lemmglaset og togg i seg den eine verakjöt-koka etter den andre. Folk laut undrast over ei is-rønd som låg nedetter skut-tøka frå lemmglaset i joklar og aldri bråna den våren. Det var verafeitt, men det visste ingen. Det dei fekk veta, var at Nils hadde frøst oppetter Fiskestien ein søndagsmorgon, spurt seg til at Ambjør'en var faren på Finnadalen. Og der, attunder Gullingen, fekk Gautes-Nils det han ikkje hadde venta då han låg vinteren lang inni øksehogget som heiter Ulladalen, stirde i veggen og togg verakjöt.- Han fekk juling.

Ut over isen.

Slikt er å høyra mellom karar som stoppar litt i Ved-dal og blir forklåra. Sansane opnar seg for alt som er ikring dei og dreg dei til seg. Det er alltid ei ny røynsle, men likevel ei gammal soge, og ho tarv ikkje stødt verta sagd. Ho er i dei.

Alle ting fortel og fyller opne sinn. Historia er som småvilt-spor kring alle haugar. Det er eit natur-folk og enno eit sanke- og veidefolk. Og dei har forstand på meir enn sine egne tåhetter.

Isen? Dei spør seg stilt, endå dei treng ikkje tvila.



Ein mann hadde 13 høyløer i denne heia. Her er restene av den siste.

Berrfrost i fasta støypte bru over Mosvatnet. Eit Ingemund-ansikt lyfter seg mot sola, eit adamseple går opp og ned. Så legg dei i veg ut over flaten.



Froastølen i februar, tett oppunder Gullingen. Dette er den største stølsgrenda, og her har dei vidgjetne Froastøl-stemnene vorte haldne om somrane i over 60 år.

Nokre til ein stad heilt oppunder Gullingen, andre til sidene. Dei svingar av, kvar til sitt, til små løer og store stakkar. Så lenge det er lure, følgjer dei same låma, deretter spreier dei seg og teiknar ei vifte over isen.

Ein legg seg i drettet, vassar til midt på leggen i laus snø, tenkjer at ein får lessa i samsvar med føret og veit at ein kjem vel helst'e te forlessa seg, denne gongen óg. Så stoppar ein midt utpå isen, ser seg ikring, høyrer rype-lått inni bjørkebeitet på ein holme. Men elles er det så stilt at det susar.

Ja. Der er han, Gullingnuten! Same karen. Men annleis enn han var i haust fordi han har lagt seg té sova:

*Kring isen er bogar lagde
i mjuke liner og kvite
ei kjempe har sovna frå.
Ryggen lyfter seg høgt i leitet,
varden er som ein seleknapp
og svarte kollen er Gulling-gumpen
som dyna har sige tå.*

Dei spreke sandbuane.

Sandbuane var spreke, dei kom seg opp Herabakkalia, la Marka, Skorvene og Brønnstøldalen med Fjellkaggen bak seg og svinga krokstaven over Kòlekjello og Ruskedalen. Veddal, det var målet. Lenger og høgare ville dei oftast ikkje. Men der vassa dei i Mosvatnet og lauga seg - både når vatnet var lagleg og når det var isande, kokande kaldt. Dei åt og drakk og prata og lo i lag med andre som var komne før eller nådde dei att. Heimatt-komne fortalde dei at dei hadde vore til Froa. Det var to-tri kilometer lenger til Froa enn til Veddal. Dei fleste had-



Pråmen er den gamle, viktige farkosten på Mosvatnet.

de vore der óg, både ein og fleire vender. Fløytekodla til 80 øre på eine stølen og 75 på den andre hadde dei smakt. Og den smaken var sterk nok til å krydda heile heia, slik at alle stader heitte Froa.

Midt i vatnet er det eit skjer som alle sandbusturistar snakkar om. Skjeret er stundom over vassflata og stundom under. Av den grunn har det fått namnet *Blinde hunden*. Sandbuen seier *Dei blinde hundane*. Og dét er rett, for når det kjem skikkeleg oppi, ser ein at det har klovna i kammen, delt seg i to. Skjeret er ikkje åleine, det er to-eine.


Eit «spøt» i heia.

Gullingen har sine smålåtne naboar. Det er slikt som heng att etter hiv i jordskorpa. Eingong låg gubben sjøl og kvar Kalvanuten på havsens botn. Så lea dei på seg og lyfte hovudet:

- Er du der?

Istiders skurande, knékande, malande kraft har gitt landskapet form. Ein stad og mange stader er møtestader for maktene. På nordvest-sida ligg Boningen. Men kart-tullingen, som er betalt konsulent i namnespørsmål, har hatt makt til å fastsetja kvar staving på gradteig-kartet. Han har ikkje brydd seg om den uttalen av namnet som er gjengs i bygda men retta seg etter akademisk papp-vet. Han vil vera folkeleg, likavel, og triv det spøtet som kjer-ringa jamt har for handa. *Bundingen*. Men det ordet er for det første heimlaust her og for det andre er det like gale som når ein tek i stein og trur det er ull.

Boningen då? Namnet er så gammalt at ein må leita etter grunnordet i frum-nordisk mål, d.v.s. det språket forfedrane brukte før år 500 eller så e. Kr.. Ordet er attfinnande i mange vestlege land. I engelsk



Breiaastølen slik han eingong var. Denne dalen er halden for å vera mellom dei gjævaste beite- og slåttelandet i heile heia.

er det enno like heilt i det samansette ordet «bon-fire,» som tyder brising, logande eld, jonsokbål, festbluss. Ei hovudtyding av å brisa er å brikja, gli-ma, gneistra. Brisen tyder gild, drusteleg, byrg - men det kan óg tyda lett rusa, animert, «passeleg på 'an.» Kjære folk, Boningen er ikkje eit ettergløymt spøt i heia!

Her har det vore folk før.

Kom og sjå Boningen, her har det vore folk før! I ly av Gullingen har dei kome hit og smett seg inn i hòla på vestsida. Opningen er enno synleg når ein ror Mosvatnet mot Vassvikane. I fleire somrar gjekk me forbi nedpå myrane når me var ute etter molta og let alltid hòla vera hòl. Ein vakker dag tok me oss endeleg saman og rudde veg gjennom den tette brennesle-åkeren utføre hòleopninga.

Brennesle veks berre der fosfat or ekskrement er lagt ned i lange tider. Levande liv har har halde til i Boningen, dét er sikkert. Det første me ser er ei

beingrind i det halvmørke hòle-romet. Skjelett, men av kva?

Ein galvanisert saueklave ligg ute under dropefallet. Hola har vore ein tilhaldsstad for smalen i uvers-dagar så lenge her har funnest sau med behov for skikkeleg tak over hovudet. I alle hundreår har saue-ne søkt hit og trakka stall under seg til det er blitt så lågt under taket at dei har mest stengt seg sjølve ute. Vaksne dyr kan med nauda stå oppreiste.

Tok ein no på å grava skiten ut og leita djupt i molda, kom gjerne flint-våpen fram? Mennesket har kanskje vore her først og brukt hòla til våningshus ein gong i tida? Folk har lagt både i seg or seg. Brennesle finst ikkje utan menneske - og omvendt.

På den framgravne steinalder-buplassen ved parke-ringsplassen på Mostølen står ei tavle med opplys-ning om ikr. 2000 ting dei har funne der. Det er pil-



Å bera små-aure til fisketome vatn er meiningsfylt gjerning.



Den mørke kollen midt på bildet, som er tatt frå Venehei, var den sentrale samlingsstaden Boningen i eldgammal tid.

spissar og knivar og skraper av flint. No var flint langhenta handelsvare radt frå Danmark. Men steinaldermannen var ikkje i vande. Han henta dvergstein i heimlege fjell, og bergkrystall gav gjerne heldigaste pila.

Stølstradisjon over tusen år.


Dei låg der på turre bakken, heilt nedåt vatnet, i fleire tusen år. I den nyaste tida, for 1000-1300 år sidan, hadde dei sau og ku med seg. Sulldølingen har drive med stølning ei heil stund.

Her var beite å nytta. Om somrane heldt dei seg i denne heia, men aldri året rundt. Det var veidefolk på lettan fot gjennom skogen. Delvis andre treslag stod her for 5000 år sidan, men mest bjørk og fure


som no, og alt vaks tett og høgt i eit klima som var to-tri grader høgare enn i dag. I området rundt vatnet har dei felt både storvilt og småvilt. På sommarbuplassen ved Mostølen har dei kokt og steikt og ofte ete seg meir enn mette. På torva har dei slengt seg og kvilt seg med' auren teikna ring ved ring uti vatnet.

Bar dei agnemakk med seg frå dalen, mon tru? Nei, ikkje hit oppi feite fiskekulturen. Stong av hatl, ongul av bein og snøre av tvilagt jentehår hadde dei sikkert. Snart kitla det i alt her var.

På den instruktive tavla, som Arkeologisk Museum i Stavanger har sett opp, står det at gjennom store deler av forhistorisk tid blei nettopp eit øpe lende som dette brukt til buplassgrunn i staden



Målet ligg høgt. Varden på toppen av Gullingen er nære på 1000 meter over havet. Her ifrå kan ein sjå «lika te by'n.»




På Gulling-toppen er det ikkje berre kaffivatn å finna, men badevatn óg.

for hòler og hellerar. På Mosstølen har folket vårt halde seg heilt attil slutten av eldre steinalder, det vil seia omkring 6000 år før notid, og i seinare periodar både i yngre steinalder, 4000-5000 før notid, og i yngre jernalder, for bort imot 1500 år sidan.

Har du vore i heio?

Gjennom år og aldrar har dei flakka og alltid trådd

tilbake til bølet ved denne stranda. Ja, knutepunktet må ha vore nettopp her. Folk har alltid hatt det med å «treffast» ved Gullingen. Ofte må dei ha funnest før dei tok ut på ny jakt, kanskje helst i lag. Ved bålet har dei hatt noko å fortelja, og i den tid som i vår har dei hjelpst med å rekonstruera hendingane slik at dei kunne sjå alt saman for seg på ny. «Gjen-tagelsen» er eit psykologisk grunnelement, seier dei lærde. Kvar med seg veit ein det alle har visst i alle



Den merkelige «kult-stenen» på høgaste Boningen, der lendet er laga som eit amfiteater.

tider: Gjenopplevinga er sjølv heimpa i livet; ein heng etter den.

Det dei hjelpst med å leva oppatt i minnet var krydda med stadnamn. Dei feste augeblink til augeblink som hadde dei videokamera i steinalderen óg. Sporten i avisene våre er full av *stetting*. Den fotballkampen du var av stad og såg får lesa om her, kvar smitten. Og det er ikkje sant at «når du spør om det du veit, er du laga i håve» som ei kodlet'e geit.»

Når dei var komne til dals og møtte kvarandre frametter heimstadene langs Lågen, sa dei først det sjølv sagde om veret. Men fremst på tunga låg same spørsmålet som lyder den dag i dag. Høyr berre etter:

- Har du vore i heio?

Frå HarjawaldaR til Hallvard.

Koss let det då dei snakka frumnordisk? Med visse dialekt-skilnader var det eitt mål for heile den skandinaviske halvøya, bortsett frå dei samisk- og finsktalende nordlege delane. Heile Danmark med storparten av Slesvig, ein god lut av Finland og heile Estland snakka suldalsmål, om ein vil seia det slik. Og dei gjorde det like til omkring år 500-600 e.Kr.


Men langt baki den eldste steinalderen var veide mannen hôlebuar. Dei kunne koma og matstella seg, leggja seg på rygg i hòla og snorka Boningen i småbetar. For ein må tru at det same krystallinske stoffet hadde laga seg under taket då som no. Det losnar lett, og eine karen får det i fjeset. Han sprett til. Kan det vera fiendar frå Ulladalen? Han remjar:

- *HarjawaldaR!*

Namnet er blitt avkvista av tida, den lauvkniven som jamt er i sving. Men det er tydeleg nok eit kjensleg namn, det er namnet *Hallvard*.

På runesteinar vidt ikring er det hogge inn doble w'ar. Den store R'en i slutten av ordet er samstundes som ei lydskrift. Ved hjelp av frumnordiske låneord til samisk, som vantar lauvkniv og derfor har levert lånet uendra tilbake, har ein fått greie på at denne store ende-bokstaven er uttrykk for ein eigen lyd, som liknar mykje på svensk R. Det er ikkje vandt å veta kor *söta bror* har han frå.

Eit studie-emne for tradisjonsgranskaren må det fenomenet vera at nett denne ende-R'en høyrdest godt i sluttstrofa på folkesongen i Suldal for knapt ein mannsalder sidan, og at han kanskje er der enno. Det var eit merke på at utøvaren var god syngjar når han kunne trilla denne R'en. Han var ein medviten tradisjonsberar som visste at nett slik skulle tone og



Fint å liggja i hengjekøy som svingar seg ut over småbølgjene på Mosvatnet.

trimulant liljast over tunge og den store R'en pinnast som ein nagle i veggen.

Takk til Boningen.

Me kliv til topps på eit lågt fjell. Boningen er ikkje høg, og frå Hedlebrekk-sida spaserer ein opp nett liksom kyr kan gjera det. Me kjem opp på ei legd og må undrast over den litle tjønnpytten; han har ikkje nedslagsfelt kring seg, ikkje tillaup og heller ikkje avlaup.

Kva er dette?

Boningen er ein kjemisk fabrikk. Tjørna har vorte laga av ein kjempestor is-mole som vart liggjande og trykkja fylitt og anna grjot til han smelta og rann ihop med seg sjøl i gropa. Eit mørkt auga speglar

stjerner og lek seint ut gjennom stein på undersida. Det tek tid, det er ein sein prosess. Men omsider kjem det fram, langt nede i sidene og inne i hòla ved fjellfoten. Det liknar sopp og roten dryppstein, ein skal ta varleg i det.

Peter Barkve, ein amatørgeolog i Bjørheimsbygda, har bestemt det til å vera *epidot*, eit grøn-glinsande mineral, som er vanleg i krystallinske bergarter.

- Det er eit hydroksyl-haldig silikat av kalsium, aluminium og jern, slår Peter fast, varm i røysta.

Avlaupet frå den overhendige fabrikkens lagar eit miljø som har vaska seg, bokstaveleg tala. Bekken som renn ut i Mosvatnet ved sivkanten i Leirdal, tett attmed Hjortelandsnaustet, leverer eit uvanleg vatn. Det er «såpevatn.» Når bekken aukar opp ein flaumdag og har fått mykje kalsium i kinna, blir vatnet kvitt av høgt skum eit langt stykke frå land. Og inne i den synlege straumen sviv miljøvennlege frau-hattar, høge som så.

Her er forklåringa på at Mosvatnet ikkje har vorte surt som mange andre vatn med annaslags fjell kring seg. Og her ligg også svaret på spørsmålet om kvifor auren er større og finare her inne i Vassvikane. Takk Boningen for det!

Ein stad for leik.

Så veit ein det og er vel ferdig med Boningen. Nei, det er ein ikkje. Tjønnpytten på taket er ikkje alt. Det står ei bjørk i høgaste toppen, kvit i leggen som ei finsk brur, vid i krana og heilt overlegen med si høgd mot all den skeive fjellbjørka som veks både her oppe og der nede-kring heia. Det er mest ikkje til å tru. Men det ein elles ser når ein står attmed brura, er heller ikkje lett å skjøna:

Det er eit amfiteater kring ei oppreist steinblokk, ein frukgtjevande fallos-stein å ofra til av alle liv-

sens krefter? Av brennande hug til liv og endå meir liv. Dersom dette ikkje er ein viktig møtestad frå eldgammal tid, kan du kalla meg ein krakk! Ein møtestad var det, eit samlingspunkt for ungdom frå dalføra ikring.

Å, det spann i motbakkane der dei kom!

Det kan liggja langt tilbake i tid, og eg høyrer fantasi- og intuisjons-løysa gapa til og seia at dette har eg aldri høyrte gjete.

Men *nå* har du høyrte det!

Plasseringa i landskapet seier alt ein treng veta. Butt og vidsynt ligg Boningen attåt Gullingen og blir viktig utan å vera den høgaste. Han er ein jonsok-stad, ein stad for brising og song og lek. I folketrua var jonsoknatta på hogget det rette tidspunktet då liv hekta seg i liv og slo seg ut i elsk og herleg frukt.

Den blankøygde Borghilda sviv jordlaust i stakkane endå ho sit sømeleg med hender på kne ved det heite bålet. Ho veit kven ho helst vil ha. Og det same veit andre, det gjeld både jenter og gutar. På moderne norsk heiter det visst å «sjekka.» Når jenta som lever lenge før Svartedauen kjem heim, legg ho blømande blad under puta, for ho vil drøyma om han.

Rumpekleivskåradne.

Nils Lio på Hjorteland hadde ei slåtte under Gullingen, beint ovanom hyttene på Hedlebrekk, eit namn som minner om at folk braut heller til hustak på denne staden. Nils Lio, ja! Han slo oppi her og husa høyet i ei lita løe, som no er ei av dei falne. Fjølaskubbar, torvvól-krokar, hedlemølar. Ein gong Nils kom nedatt, datt han og bløyte seg bak. Han reiste seg og datt i myrkanten ein gong til.

- Etter denne dag skal det ikkje heita Rapaskå-



Fjellfolk og blid bikkje. - Helgun og Terje Nordmark på Hovstølen, ein Fjellbergstøl.

radne men Rumpekleivskåradne, sa Nils Lio. Og sytti år seinare er dette stadnamnet eitt som enno sit.

Litt av kvart. Og det litla kan visa seg å vera mykje. Ein møter det kring Gullingen og på toppen. Stundom har det vore så mykje vilt i denne heia at nutane har kvitna, ikkje av snø men av rypeflokkar. Erik Nerheim og Ola Herabakka var der med børsa på tusenmeters-toppen ein gong. Smell etter smell, men lite å få hand om, same kor godt dei trefte og blyet drap, for dei skaut det berre utføre for seg. Den lette fuglen kunne stundom sigla langt før han datt. Prøv å finna han att!

Erik fekk skot på ein *hjase*, og veidna reiste utføre som ein ukladott, datt og datt i det uendelege mot Froastølen. Men jegeren gav seg ikkje. Hanfor ned mellom nutane og kleiv bortunder nuten til han nådde i «fuglen» og berga han opp i rypesekken.

Ein stad for jakt.

Det var laurdag 1. april 1967. Gullingen stengde morgonsola ute frå Froastølen, men Grønhove og gubben sjøl låg med strålekrans om tinde. Ein visste at bakom Gullingen breier Finnadalsheia seg ut med godt lende for ein halt skiløypar, den skamskotne som kan både gå litegrann og løypa litegrann på skrå i slake renn, men aldri vera med på langrenn.

Ved Klovningane, den kløyvde steinblokka på høgda, stoppar eg og undrast om eg skal nøya meg med å gå frampå leitet og sjå ned over Mosvatnet eller om eg skal ta ein sving på sørsida av nuten og ned til ein stad som eg minnest frå sommaren 1931. Varsamt til Finnadalsstølen, den nor'e.

Nei, det får vera, eg går ingen stad i dette veret. På ei lita stund er himmelen blitt svart og hagl piskar over heia.

Men nokre minutt seinare smiler Gullingen i meir solskin. Alt er like blidt. Så renn eg mot den staden der eg kom på 9-årsdagen min og såg stølen med det blinde glaset. Rutene var knuste. Sperrer hadde brotna. På dørhella stod eit mjøkekjer halvfullt av vatn. Einkvan hadde tykt det var for godt til å falla i staver og hadde vel tenkt å bera det heim. Men det berre stod der. Eg ser det enno så tydeleg for meg og tenkjer at det står der enno.

Den opne kvelven vidar seg lokkande ut. Men stølshuset er borte. Her finst ikkje eit einaste synleg minne etter denne staden, den viktige møtestaden. Eg veit om eit menneske som eingong låg her åleine. Så kom det eitt menneske til, og dei var to-eine.

Mellom denne dagen og den gongen ligg ei lang bukt av den tråden som diktarpresten Kaj Munk har skrive om: - «Der findes i tilværelsen to beslægtede ting, kærlighed og jagt.»

Eg har ikkje meir i Finnadalen å gjera, så eg snur og går over leitet mot Breiastøldalen. For ti-tolv minutt sidan var det mørkt uver. Eg hørde det godt, liksom til hunden sagt:

- Grav deg heimatt!

No er sola på middagshøgda og himmelen eig ikkje sky. Eg går endå seinare, eg har dagen føre meg.

Men ein skal passa seg når ein trur at ein har dag og tid.

Eg går meg beint oppi vistene etter ein mann som har spasert over heia, gåande på hendene. Fem fingrar, ja. Reven har berre fire små tær. Dette er noko veldig, det er


Jervesporet.

Eg ville 'kje eg, men dei lokka meg te.

Dette dyret har spreke skyttarar i fem fylke sprunge etter på langrennski heile vinteren, men til inga nytte. Forspranget har alltid vore for langt. Det har ikkje hjelpt å heisa premien til 12.250 kroner heller.



Småjenta Kari er ikkje redd jerven, som her ligg flatflådd på golvet. Berre hovudet er utstoppa.



Johannes Hjorteland var litt over 85 år denne dagen 31. mars 1967. Han var av etter eit kjelklass høy oppi «heia-brynedne,» skikkeleg utstyrd med hudsko og snøsokkar.

I ei viss utgåve av «Forklaring til Luthers vesle katekisma» reiste påbodet seg: - «Du skal ikkje...!» Og den tyske Martin spør: - «Kva skal me d å gjera?» Spørsmålet vart bytt ut med andre ord i ei ny utgåve, der det stod «Kva e r dét?»

Kva er det, kva skal ein no gjera?

Tretti meter følgjer eg vistene på veideinstinkt, så kjem ettertanken løypande imot. La meg sjå lite-grann og tenkja meg om. Han har fare over leitet her for mindre enn 10 minutt sidan, for han har trødd dei store, nye hagla under fot. Så fælt langt unna er han ikkje. Hadde eg lete vera å svinga nedom Finndalstølen, ville karane ha råkast her.

Han har drepe eit lemen utan å vika av leia, han har vanda det, gått ifrå det. Snøen har smelta litt kring den little daude skrotten. Eg tek atti jerv-offeret, det er enno varmt. Rovdyret har avleita for berre eit par augneblinkar sidan.

Det er laurdag 1. april, og den dagen skal ein ikkje tru alt ein høyrer. Men saga seier at sporfinnaren kraup seg ned til Hjorteland, kom ålsveitt til Kroken og fekk gode råd av Ingvald, Odd og Johannes. Etter loddtrekking vart Ingvald Einervoll med som skyttar. Sporfinnaren sat mellom flygaren Michael Boxill og Ingvald i leigt helikopter. Eg var utstyrd med fotografiapparat. Me sette skyttaren av i Longeli ovanom Ørekvam. Han stod der på snøbakken i gummistøvlar og bia på eit møte.

Dette kan eg vitna om, og eg har gjort det til fånytt i 25 år. Eingong skreiv eg ei heil bok om det og tok alle detaljane med. Men folk «les» betre i det dei høyrer enn det dei ser på prent: Jerven fekk ingen sjanse, seier folk. Og det er brot på god veide-mann-skikk. Frå lufta vart jerven skoten! påstår Per og Pædl. Same kor fastspikra sanninga er, at Ingvald stod i gummistøvlar på fonna og let sauedreparen «få det» vil helst ingen «ha det.» Dengong var det elles lovleg å skyta ulv og jerv frå fly, men dette var eg nauten nok til å nemna fordi eg ville óg ha eit juridisk korrekt alternativ med. Og feilen var vel ikkje før nemnd før sanninga sveiv rundt og det galne blir rett - eller omvendt.

Med velsigning frå Rogaland Naturvern og alle som åtte dei 10.000 sauene i alle beitefjell på Sør-Vestlandet datt dyret for ein hagl-ladning på 48 meters hald. Jerven var så «på verda» at han hadde tuska over 300 smålog hausten før, mykje meir enn han trong. Alle sprekingar i fem fylke som spente på seg ski og prøvde å gjera jakt på han denne vinteren løyste meir sveitte enn dei hadde rekna med. Ein førlagd stavangermann - med minst like godt næringsvet som jerven - følgde sporet øvst i Sirdalen. Han hadde så bakhåle ski. Snøen blei svart, fjellet sveiv, alt gjekk rundt for han til ingenting sveiv lenger.

Jerven stod i den høgaste rovdyrpremien som har vorte utbetalt her i landet, 12.250 kroner - delt på fire. Dette var i 1967. Etter pengeverdet i dag svarar premien til nøyaktig Kr. 69.166,27. Dette opplyser Gyrid Bakka, og ho har det frå Norges Bank. Ja, så mykje pengar kasta jerven av seg. Men ein fekk han ikkje gratis.

Syngjande kom dei.

Den store møtestaden har Froastølen vore. Ein har skipa til vennestemne her i over 60 år, kvar sommar så lenge dei støla og seinare anten på stølsvollen eller andre laglege stader i nærleiken, i idrettshuset eller fjellstova.

Det var ikkje den Boninge-tradisjonen dei tok oppatt. Grunnlaget var eit anna. Men staden og stadene folk kom frå var som i den eldgamle tida. Frå bygder og grender på alle sider vart dei kalla til møte på ein stemnestad med tusenårs hevd.

Unge og eldre, faste og lause, strøymde til Froastølstemna. Mange kom langveges frå stølane i andre heiar eller frå fjerne dalar og bygdelag som ein ikkje hadde stort omgjenge med til vanleg.



Utsyn heimover mot Veddal frå Froastøl-lia.

Nokre song utanåtlærde åndelege vers frå Sangboken der dei kom sigande etter reidslevegen i Froastølskåra. Der kunne óg vera dei som song frå sup or spann og lommelerke. Dei meinte seg å vera i hole heia, der ein kunne raula det ein ville. Pilegrimane på veg til Røldalskyrkja hadde òg sitt krushåra vedheng. Litt av det bysantinske sarasenar-draget er enno synleg.

Stemnene på Froastølen var og er ei sosial og åndelig samkome, ei rik helg ved gylte fjell der ein tidt har hatt ei bibelsoge-atkjenning:

- Kom, lat oss byggja oss tri hytter!

Referat frå livet.

Odd Hjorteland var der alltid, og han har etterlete seg mange dokument om Froastølstemna. Han har referert og sendt brev om kvar einaste stemne til søstera Kari i Necanicum-dalen, staten Oregon på Vestkysten av Amerika. Borna hennar, Laura, Clara og Sylvia, tek vare på alle brev frå Gamlelandet. Eg



Mjølkebua på Breiastølen står der enno.

har vore der og fått lesa brev som mest av alt er kapittel av Suldals kultursoge.

Odd skreiv og fortalde om tilhøva heime alt ifrå 1903 og i minst 50 år. Om laust og fast, om tvilling-sauer og slikt, kva dei sådde på Kvernhusåkeren dette året og koss grøda var komen i hus. Om born som var fødte, om folk folk som var farne. Odd refererte livet.

«Vi begyndte slåttén fredag 13. juli,» fortel han . «Og nu, syv dager senere, har vi fået ind tilsammen 93 bører. I går regn og skodd. Men vi har 3 hessjar.

Ja, nu hessjar vi på streng. Du vet far hessjet på tre-råter. Det var ikke streng at få kjøpe i den tid. Folket var bedre fornøiet da end nu. Alle som har råd, også de som slet ikke har råd, kjøper sig maskiner. Alt skal gå med maskin. Se, derfor er her så mange arbeidsledige folk i Verden. Jeg mener at Verden hadde vært bedre i dag hvis her ikke nogen maskin hadde vært - undtagen symaskin. (Kari var sydame!) Jeg vet nok at jeg har mange imod mig på dette punkt, men alligevel er det sant som jeg siger.»

«Mange skal komme fra øst og fra vest.»

Grundig og flytande skreiv Odd, særleg når han kunne fortelja om siste års stemne på Froastølen.

Den største og herlegaste stemna var truleg den som vart halden søndag 30. juli 1935. I eit uvanleg langt brev, der han seier at han ikkje bryr seg om at han no lyt ut med eit dyrare frimerke, gjer han seg ferdig med Froastøl-referatet to gonger og kjem enno ein gong. Han referer i tri vendingar, frå både utsida og innsida:

«Det kom folk fra øst og vest og syd og nord, som skulde det være Verdens sidste dag, og satte sig tilbords rundt flødekolle. Der oppe hos Ingemund og der nede hos Valborg og Martin ligesom hos Jørgen var anntagelig al mælk sat til syring i så mange koller, samt skåler og leirfat som man for anledningen hadde kunnet opdrive. Du vet at på Ingemunds støl er der under et av husene en god kjelder så at man der fik den koldeste og friskeste delikatess med fløde så tyk som tommelfingeren og velsmagende, ligesom mælken nedigjennem var hvit og stiv så man kunde skjære den med kniv.

Men der nede hos de andre var det ikke dårligere stelt, og meget blev fortæret. Budeiene havde avtalt éns pris, men omsetningen var upåklagelig i alle tilfelde, og når det kom til stykket var der altfor lite, enda man fandt frem oplagrede flødekolle der var sat tet i tet under sengen på den ene av stølerne.

Nogen venner eller familier slog sig sammen og kjøpte enten i partier eller av de brede, hvor man trakk op linjer til sektorer og delte således ligesom hele verden imellem sig. Også dette år solgte man op-kløvgede apelsiner, samt kaffe der kogtes i kjeler og kasseroler. Så blev det skjenket op efter skikken og slått på fatet og balanseret hen over volden med de gode dråber.

Hvorfor der blev for lite flødekolle? Jo, fordi der kom så mange mennesker - minst 400 - hvorav de aller fleste var edrue, bare den sedvanlige, den litt anderledes sang hen i Froastølskåro som jeg nevnte forrige år og året forut for dét. Fra Jøsenfjord, Ulladalen og Fjeldgårdene kom de, unge og gamle, store og små, ligesom fra Suldal og fra stølerne lige op til Sandsa og Svinstøl. For ikke at glemme de mange fra hele den store Erfjord. Erfjordbuene har så vedholdende varme hjerter.

Skal vi mødes hist ved floden?

Ifjor var det øsende regnvær under Froastølstevnetog folk søgte tak over hovederne i fjøsene, men blev delt i to nogenlunde like flokker og flest samtlige trumfet ind i to av stølshusene. Lensmand Kristen Austbø fra Rennesø talte i det hus hvor vi sat; han har lett for at tale sig selv til tårer, og han var ikke den eneste som gråt.

I år oprandt dagen med Guds klareste solskin



For 123 år sidankom dokka hennar Gurina bort i glovra på denne steinen, tett attmed stølshusa. Og det er 60 år sidan denne gjetleguten trefte til å finna liten dokkehovudet att.



Knivmerke, bokstavar og årstal inne i det eldste huset på Breiastølen.

over fjeldet. Det blev holdt to møter med matpause imellem. Vi holdt til i en dalsenkning nordenom stølen, ovenfor og nedenfor veien som går til Suldal.»

Odd referer grundig om tekster, talarar og songar.- «Igjen har vi fått en nørig niste med på veien. Spørgsålet er stedse det samme:

*Skal vi mødes hist ved floden,
der hvor ingen bølger slår?»*

Bera kaffivatn.

Ungdomen har sjeldan vore nøgd med det som er lågare enn toppen, dei må plent stiga så høgt som menneske kan stiga. No er dei der sommar og vinter, går etter oppmerkt løype og stikk namnelappen inn i boksen ved varden. Før låg det ei grøn flaske med papirlappar i. Så har einkvan gløymt eller mist korken. Ein vakker dag var flaska passeleg på 'an av vatn og drav. Og flaska fauk.

Me ville opp og me ville gjera det som ligg i oss


alle, brenna bål, koka kaffi, svi pølse. Me kom frå vestsida og hadde søkkt kaffikjelen i Mosvatnet. Denne dropen bar me langt oppetter bakkane og tømde han ut fordi me såg det rann ein bekk attmed oss. Me kunne ta vatn i den når me kom på høgda. Men på høgda mellom nutane, ovanom dei hangande Robakkane, var det ingen bekk lenger. Me var komne forbi Nilens blå kilder og laut tilbake til bekken, så mykje me fekk vatn på den svarte kjelen att. Oppkava stod me omsider ved Gulling-varden og fekk sanna det på ny at «alle bekymringer er unødige bekymringer:» Ein god tjønnpytt spegla himmelen der òg, nett liksom på Boningen. Me kunne ha fylt kjelen sytti tusen gonger og endå lauga oss i resten.

Svein Meland fortel om den gongen dei hadde vore på «skjoting,» skyteteving, på Nerstølen og fann på at dei ville til topps. Eit ungdoms trong og ein tanke så sterk at dei var inne i gjennomføringa mest før dei tenkt på det.

Det å leva var å stiga og brenna bål på høgaste Gullingen ei jonsoknatt. Alle mann skulle ta brennefang med seg. Somme kleiv her og somme der. Svein entra nuten frå Rumpekleivskårane med ei lille bordkledningsfjøl frå løa hans Nils i eine neven og ein turrbrake i hin. Dei møttest ved varden, men hadde ikkje meir å brenna enn den eine fjøl-enden og den eine turrbraken. Sundbrote tok det no fyr, og det brann godt ei lita stund. Fleire har sagt at dei minnest den stundasærleg fordi dei hadde så lite å setja fyr på. Men dei fraus ikkje midtsommarsnatta.

Det himmelhøge bålet.

Det høge, det himmelhøge bålet! Ein gong var det brasa ihop til det som ein aldri nemnde. Ingen visste om det. Men at det *var* noko! Det visste vel ho! Ho



Denne kjøredoningen laga Åke Herabakka til å dra «seta» ut over slåttemarka på Breiastølen. (Skjækene er borte).

gjorde eit lite kast med auga som ved sterkt ljøs, blunka to gonger.

- Det er under bruene, sa ho når ho meinte at alt det gamle, også dét, var forbi og borte. Men var det gløymt? Noko var blanda i vatnet som rann og i livet som rann. Eit møte ved Gullingen var det, og ho kunne aldri i jordelivet gløyma det.

I dag fortel ho det, men ikkje med ord. Ho har eit forsonings drag over ansiktet, dette milde draget som tyder at ho har jamvel tilgitt seg sjøl. Ho opnar eine handa.

Tredje sommaren ho støla attunder nuten skein det sol kvar dag og natt. Ho mjølka, kinna, snakka med kalven, song.

Då kom spelemannen og sa:

- Du blir med til Gullingfjeldets topp, veit eg!

- Det kjem ikkje på tale.. Det er ber for høgt opp i veret for eit kvinnfolk.

- Høyr no, seier spelemannen med sitt torada trekkspel i tamp over aksla. - Du skal veta at heile ungdomsflokken vil dit opp i kveld og brenna jonsokbål, jentene òg.

- Det er ikkje råd!
- Eg skal bera deg opp, dei andre ber famneved av eit eit hardare slag. Det skal bli eit lystig bål.

Hald meg fastare!

Dei var der. Og det brann. Det var mest som det tok fyr i spelet òg, der meisterspelemannen sat attmed varden og fingra og drog. Dei trødde dansen så varleg på bergskoltane; her var det ikkje rom til for feilsteg.

Hald meg, hald meg fastare!

Natt vart det ikkje. Men ny dag. Nærare sola har ingen vore. Den blidaste av alle var han som var åleine om det, spelemannen med spelemannsgleda.

To vegar er farande nedatt, ikkje fleire. Men begge er trygge nok for den som kan fota seg. Der er ein glip, ei kleiv så bratt at ein må setja si lit til berre neglene. Den spreke spelemannen er fort på bakken, men ikkje jenta frå næraste stølen. Han slapp å bera henne opp, no får han heller bera henne ned, ho heng i glipen og *oiar* og ber seg:



Arkeologisk Museum i Stavanger gjorde rike funn frå Steinialder og tidleg jernalder på Møstølen, mellom parkeringsplassen og vatnet. Over 2000 ting av flint og dvergstein fann dei. Ei innhaldsrik tavle med tekst og bilete er sett opp.

- Å, hjelpe då meg!

Han er der.

- Ikkje slepp meg!

Nei, han slepper ikkje. Ein spelemannen hand-fér og fingrar med jenta som med trekkspellet, får musikk ut av det.

Men han set henne fint ifrå seg, og dei kvar sin veg til kvar sitt bol.

I attersynet ligg biletet frå tusenmetersleitet: Dei går av nuten og speglar heile seg i gytt morgonvatn langsmed tjønnpytten, lettfofte over berg. Og glipen er overvinneleg.

Pytt, var dét noko då ? Var det natt, så var det ikkje anna enn ei pytt-natt.

Relieff i støypejern.

Stølsjenta tenkte at ho fekk snart til med mjølkinga. Då ho kom inn i bua var det fullt solskin over den svarte omnen - «Ulefos No. 2» - med figurane på sida. I relieff var dei lyfte opp frå malmen og støypte så heile og nakne som dei var skapte, ei gudinne som heldt eit stykke florgardin om lenda med' ho svinga seg på venstre stortåa. Ho var mest ikkje nedpå. I lette gevant kom fløytespelaren frå høgresida og harpespelaren frå hi, begge med føtene på jorda, så dei visste nok kor dei fór. Men budeia høyrde ikkje strengespel, det var den same trekkspel-låten heile tida. Ho var både opptrekt og trøytt. Geispa. Så løyste ho snørelivet, smaug or stakken og skorne og la seg nedpå, berre litegrann. Ho geispa ein gong til. Og sovna.

Ein skugge dreiv over figurane på omnen, noko var det som gjekk forbi glaset.

Spelemannen kom att.



På rad ligg dei ved eit glitrande vatn, frå venstre Grønhåve, Gullingen og Boningen.

Og ei raudleitt dokke kom att.

Gurina Herabakka var 68 år gammal den sommaren eg var lag for henne på Breiastølen. Eg var ni. Det var hennar støl frå barndomen av. Ho var fem år då ho miste dokka si her ein stad, ei tøydokke med por-selenshovud. I to menneskealdrar bar ho med seg minnet om dokka som kom bort under leik mellom steinane ved stølshusa. Og mest like lenge hadde ho

gjort vender på leiting etter den bergtekne dokka.

Det var eit muse-år. Me hadde hund med oss, ei lågføtt bikkje som heitte Flora. Ho var godt følgje og flink muse-jeger. Ein dag pila ho inn i ei sprunge mellom to steinar, grov litt - grov fram dokka.

Det var berre hovudet, men det var like heilt og like raudleitt. I eit saum-hol sat det att ein liten gul tråd, men for Gurina var det som ein heil bunad. Ho



«Stølsjenta» Gurina Herabakka var 68 år sommaren 1931.

hadde vorte mor til sju og bestemor til mange. Der sat ho på krakken attmed glaset med dokkehovudet i handa.

- At me skul' treffast att'e! sa ho lågt, fleire gonger sa ho det.

To mannsaldrar, 63 år. Så lenge hadde dei vore frå einannan - og likevel så heilt nær einannan.

Stø kurs mot himlaleitet.

Augnefestet var baksida av nuten, eller framsida for den som stod på Breiastølen og hadde Grønhåve til springbrett. I midten låg Klovningane, eit steinhardt klype, eit teikn i himlaleitet:

Det er dit du skal!

Når rette dagen er komen, tek ein ut oppover «kjedladne,» bryt seg gjennom urskog mellom tjukke og krokete bjørkelegger og gjennom mangedobla gjerde av stranglebjørk å smyga seg fast i. Ein lurar seg inn på skrålagde smalavegar, stig og stig. Her er små sletter midt i brattlendet med myr og heile hav, nye hindringar med vevkjerringvev å bli fanga av, men alltid på stø kurs mot himlaleitet med dei to fingrane som gjer V-teikn:

«Det er seire du skal!»

Den eine fingeren er litt lenger enn den andre. Enno ser eg ingen, men eg veit at den lengste lear på seg, krøkjer seg og rettar seg. Ein veit kva dét er, kva det tyder.

Kom igjen! tyder det

Eg kjem! pustar bringe-belgen.

Ovanom tregrensa, inn på gras-rabben og det knutrete berget, men enno eit stykke att. Det ein trudde var øvste leitet, var ikkje eingong det nest-øvste.

Klovningane stikk seg endeleg opp over krekling og grastust. Eit steg til, og eg ser dei. Det er to

steinar som eingong var ein. No er dei blitt to-eine. Det er eit omkvede ved Gullingen, som reiser seg og lyfter på skoddehatten sin.

Prydde med lav er dei, og dei held seg i ro på grunnfjellet, nøyaktig sju stavlengder frå einannan. Flate mot flate. Dei liknar vadmåkkedde menn som har treft te treffast i heio. Der står karane og tygg tobakk og snakkar om veret, allslags ver har dei å snakka om. Men eg veit kva det var, det første dei sa:

- Ja ja, du e' i heio.

Temmeleg kvit haledusk.

Mellom meg og det aller høgaste leitet under Gullingen er det enno eit dalsøkk og ei lyngrust. Attom denne rusta må det vera noko meir. Det trur eg så sterkt at eg gjer meg flat og kryp. Må ikkje skræma det.

Kva kan det vera?

Det avgjer eg sjøl, det er reven eg skal sjå. Ein raudrev av dei største med temmeleg lang hale og temmeleg kvit haledusk. Og no er det straks før han skvett opp og fer unna som eit sikk-sakk-lyn.

Eg kjem nedatt til stølen, berrføtt og lett på tå. Gurina kan mest ikkje tru det, at eg alt har vore ved Klovningane. Men at eg har sett den reven eg ikkje såg, det trur ho utan vidare.

Ingen rev har vore meir levande.

Jon Moe er fødd i Suldal 1921. Han var redaksjonssekretær i Stavanger Aftenblad i over 30 år og har skrive fleire bøker, mellom dei eit par frå Suldalsheiane, «Til fjells med Kossi» og «Tater i pels. Jerv og jervejakt. Som pensjonist har han busett seg på Viketeigen i heimbygda. Han er livsvarig medlem i Den norske Forfatterforening.

Det var stor trafikk den dagen byfolket reiste på seinsommaren. Biletet er frå Fister-kaien i 1920-åra. Hest og langslede frakta bagasje til kaien. Rutebåten heiter "Fisterfjord". Biletet viser båten slik han kom som ny til Ryfylke sommaren 1921.



«Gøy på landet»

Sommarmøte mellom byfolk og fastbuande i ei ryfylkebygd

AV NJÅL TJELTVEIT

I ei gammal vise om alt som er “gøy” på landet møter vi ei overdriven og livfull skildring av alt det utrulege som sommarferien kan oppleva. Mange nye og spennande hendingar får byungane del i. Ingen kjenner seg att i denne “landsbygdsildringa” i dag, men visa ser ut til å vera eviggrøn. Frå sist på 1800-talet fekk mange byungar oppleva sommaren på landet som ei anna livsform enn kvardagen i byen. Avstanden mellom by og land var tydelegare enn i dag då mange byfolk tok til å feriera på landet sommarstid.

Den såkalla «landliggjartida» der folk med økonomisk evne til det flytte til bygdene om somrane, var eit landsfenomen. Til Ryfylke kom det dei fleste stader landliggjarar gjennom mange år. På gardane var det fast rutine å leiga ut husrom til byfolk. Byfolka blei sjølvsgdde innslag i bygdelivet sommarstid, og landliggjarane skaffe bøndene kjærkomne inntekter.

Utbygginga av dampskipsruter i Ryfylke gjorde det praktisk lagleg å reisa på landet frå 1880 og framover. I 1883 melde avisa «Vestlandsposten» om stor sommartrafikk av feriefolk:

«Fjordebaadene gjør det godt i disse varmeste Sommerugene. Fire Gange i Ugen er der Anledning til at komme frem og tilbage, og hver Gang er der sort af Folk. Mangfoldige Familier har nemlig sit Sommeropphold rundt her og der i disse vakre Fjorde, navnlig i Søvde, Nærstrand, Finnø, tildels Hjelmeland og Strand. Mændene reiser da et par Gange i

Ugen frem og tilbake til sin Forretning, og adskillige farer om paa Besøg.» (Lortenzen, s. 94 og 95).

Mange gardar hadde faste avtalar med byfolk om ferie opphald sommarstid. Ved jonsoktider flytte byfamiliane på landet. Der ferierte mødrer og barn heile sommaren. Fedrane drog att og fram mellom byen og feriebygda og kom på helgebesøk når dei ikkje hadde sin ferie.

Det finst lite dokumentasjon om landliggjarliv i Ryfylke før 1900. Frå Nedstrand ligg det føre opplysningar om at direktesal av mjølk til byfolk førte til reduksjon av mottaket for Nedstrand Meieri som blei starta i 1876. (Bergsåker, s. 129-) I ei bok frå 1888 står det at vakker natur på Nedstrand gjer denne staden attraktiv som feriestad for Stavanger-folk. Liknande opplysningar finst ikkje om andre plassar i Ryfylke i eit oversynsverk om alle kommunar i Rogaland frå 1888 (Boye Strøm, s. 269-). I Sauda

kom det hotell i 1881, og både der og i privatheimar fanst det landliggjarar sommarstid. «I tidi 1880-1914 budde det byfolk i mest kvart hus i bygd. Når fruene var ute og spaserte, var det berre so det kvast i all den stive silken i dei ville og slepsitjande kjolane, og det anga lang veg av det finaste hodevann. Det var som eit slag framande flotte fuglar som me laut kika på gjennom dørsprikkene. Og byborni var no nett som små englar i lette små kvite kjolar med himmelblå silkeband um livet.

Men ein ting undra oss mest av alt, det var at eit kjærastepar gjekk arm i arm midt på dagen, og so folk såg det! Ja det som verre var — dei kystest så folk såg det. Dette var eit grovt brot på landsens gode tone den tid; me sa det var ufjelgt. Me born hadde svær respekt for byfolket, sjølv rømde eg og ropa på far, når dei kom på krambui; me skjemdest å ekspedera byfolk. Og elles og smaug me bakdørene so godt me kunde.» (Rabbe, s. 158-).

Dei var folk frå dei øvre sosiale laga i byane som reiste til Ryfylke på ferie. Mellom dei fastbuande og feriefolket var det ein viss avstand der bygdefolket i mangt kjende seg underlegne. Dortha Rabbe hermer etter ei kone i Sauda som sa ein vår då isen gjekk tidleg: «Uff no kjeme snart dampen og byfolkå; no kann me ikkje få gå stygt kledde lenger, heile.»

Vi har nemnt Nedstrand og Sauda som tidlege landliggjarstader. Også Finnøy har tidlege ferietradisjonar. Først kom byfolka til Reilstad. Her fanst det byhytter så tidleg som kring 1912. (Oppl. frå Nils Ladstein Vestbø).

Vi skal no sjå nærare på korleis byfolk frå Stavanger har feriert i Ryfylke-bygda Fister frå kring 1900 og fram til i dag. Bygda kjenner forfattaren frå innsida sidan han voks opp her, og Fister var ei

omtykt feriebygd. Artikkelen byggjer på opplysningar frå bygdefolk og byfolk som har feriert på Fister i mange år.

Føremålet har vore å finna ut korleis både dei fastbuande og feriefolket opplever Fister som feriebygd. Har det vore fredeleg sameksistens, eller har bygdefolket sett på byfolka som fornemme inntrengjarar? Korleis oppfatta byfolka dei fastbuande? Vi skal prøva å leita etter svar på desse spørsmåla. Å driva miljøstudier i eit lokalmiljø ein kjenner for godt, har både fordelar og ulemper. Faren er at ein kan vera «heimeblind» og bli for bygdeorientert i vurderingane.

BYFOLK I ALLE HUS

På dei fleste Fister-gardane blei det leigd ut husrom til byfolk sommarstid frå 1910 og fram til den andre verdskrigen. Også andre enn gardsfolk hadde byfolk i husa sine, sjølv om desse bustadene var mindre enn husa på gardane. Det var innarbeidd tradisjon å leiga ut rom til byfolk både i sentrumsbygda Fister og i krinsane Neset og Hetlandsbygda. Men sentrumsbygda Fister hadde mest sommarferienande.

Byfamiliane flytte til Fister jonsoktider når skuleferien tok til og budde på landet til skulestart i august. Opphaldet på landet varte i nær to månader. Dei fleste sommarferienande var familiar med barn og ungdom. Alle i huslyden bortsett frå faren budde på landet sommaren gjennom. Fedrane heldt seg i Stavanger det meste av sommaren og gjorde sine vanlege yrkesplikter. Kvar helg reiste dei frå byen og budde saman med familien på landet. Berre i ferievekene til husbonden var heile familien samla på Fister.

Mange byfamiliar ferierte på same garden sommar etter sommar. Det var aldri vanskeleg for byg-

defolket å leiga ut husrom, og det spurdest alltid når det var ledig plass ein stad. Om folket på ein gard blei det sagt at dei kravde høgare leige enn andre, der skifte dei oftare leigebuarar enn andre stader. Enkelte byfolk skaffa seg etter ei tid eigne hytter, og då blei det ledig plass etter dei. Fisterbuen omtala feriefolket som «byfolk», ordet landliggjar var ikkje i bruk på Fister.

Økonomiske omsyn var som nemnt årsaka til at både gardshus og mindre bustadhus hos folk utan gard blei leigde ut til byfolk om somrane. Pengar var det smått med, og utleige av rom til byfolk skaffa kjærkomne kontantar. Sommarutleige til byfolk var ein sikker måte å skaffa seg inntekter på. Derfor prøvde alle seg, og utleige blei ein innarbeidd tradisjon i heim etter heim over heile bygda. Både bygdefolk og byfolk over 70 år meiner at økonomiske motiv var einaste grunnen til at fisterbuen og folk andre stader i Ryfylke flytte ut or rom dei elles i året brukte sjølve og let byfolk leiga dei. Bygdefolket sat så pass trongt i det økonomisk at inntektene frå utleige av rom kom vel med.

Ein mann på Fister (f. 1909) fortel at dei fekk 300 kroner i leige for ein sommar. Det var i 1930-åra. Leigeinntektene gav økonomisk grunnlag for å leiga jente (hushjelp) på garden i eitt år. På ein annan gard blir det fortalt at inntektene frå sommarutleige gav grunnlag for å kjøpa gardiner og anna utstyr i huset, slikt som hadde meir preg av «luksus».

I tillegg til den faste leiga var det råd å skaffa seg inntekter frå sal av mjølk, fløyte, poteter, egg og andre gardsprodukt som byfolket kjøpte. Dette talde og positivt når bøndene rekna på kva dei tente på å leiga ut rom til byfolk.

I dei fleste hus disponerte byfolket ei stove, kammers og/eller soverom på loftet. Sjølvfolket og lei-

gebuarane levde tett innpå kvarandre i dei fleste hus, men det var likevel aldri tale om felles hushald. Fleire stader fekk byfolka overta kjøkkenet, og dei som åtte huset flytta åt eldhuset eller kjellaren med sitt eige matstell. På gardane var det svært vanleg å bruke eldhuset til kjøkkenplass sommarstid medan leigebuarane fekk nytta kjøkkenet i gardshuset. Det finst og døme på at dei fastbuande og leigebuarane brukte kjøkkenet til kvar sine tider og tilpassa seg kvarandre med matstellet. I eit mindre hus hos eit søskenpar fanst det ikkje noko anna alternativ. Her var det berre ein låg jordkjellar og ikkje uthus. Søskenparet heldt til på loftet, og byfolk disponerte det meste av første etasje. Dermed var det råd å tena seg nokre kroner i ein huslyd der lausarbeid og få faste inntekter skaffe hjelp til å greia seg i det daglege.

På ein gard var gardshuset todelt med eigen folgeinngang. Folgeavdelinga stod ledig, og her slapp folka på garden og leigebuarane leva så tett innpå kvarandre. Byfolket disponerte stove, soverom, kammers og kjøkken.

Byfolka frakta mykje utstyr med seg til ferieopphaldet på landet. Enkle møblar som divanar og stolar tok somme med frå byen. Sengklede heldt dei sjølve, og elles trongst det mykje av klede og anna utstyr for eit to månader langt ferieopphald. Landsfolket leigde ut romma med lite inventar.

Når byfolket flytte på landet ved jonsoktider, kom rutebåtane fullasta med utstyr og bagasje. Det var litt av eit liv på kaien då, minnest eldre bygdefolk på Fister. Frå kvar gard møtte dei opp med hest og langsleder for å ta mot «sine» byfolk og frakta utstyret deira på plass. Stor trafikk var det andre vegen når sommaren gjekk mot slutten. Det hende og at Jøsenfjord Ruteselskap sette opp ekstraruter for landliggjarar både ved feriestart og då byfolket skul-

le flytta attende til byen. 26. juni 1930 t.d. gjekk det ekstrabåt frå Stavanger kl. 13.00 i Fister-/Hjelme-landsruta. I 1926 kunngjorde Jøsenfjord-selskapet at det gjekk ekstrarute for landliggjarar i Årdalsruta den 17. august.

EIGNE HYTTER

Den første som kjøpte eigedom og fekk hytte på Fister, var møbelhandlar Lars Foss frå Stavanger. Han overtok eit eldre bustadhus på garden Sandvik av eigaren Per Sandvik og fekk skøyte på eigedommen i 1910. Denne eigedommen åtte Foss-familien til 1935. Då ble området selt til fastbuande, og det kom nytt hus på eigedommen.

Etter Lars Foss skaffa seg ferieeigedom, skulle det gå fleire år før det kom nye hytter. Kring 1920 blei det selt eigedommar på fleire gardar der byfamiliar førte opp eigne fritidshus. I 1918 kjøpte murmeister Aksel Njaa eit område på fleire mål (eigedommen Gjerde der det før hadde budd folk fast). Njaa reiste eit større feriehus på eigedommen i 1919, men så gjekk han konkurs. Kontorsjef Gustav Endresen i firmaet Chr. Bjelland i Stavanger tok over eigedommen i 1921. Endresen-familien hadde tidlegare leigd ferieplass på ein gard i bygda.

Agent Sven Svensen og familien hans var og blant dei første som fekk feriehus på Fister. Dei budde først nokre somrar på Sigmundstad og hos Johannes Thomsen på Midt-Fister. I 1919 leigde familien Svensen eit hus etter ei eldre dame, og året etter kjøpte dei denne eigedommen. Eit eldre hus på Ombo blei kjøpt og flytta til Fister som erstatning for det gamle huset. Familien Svensen kjøpte og tomt ved sjøen til båtnaust og stø. Seljar til Sven Svensen var Kaia Tjøsheim, som åtte gard i Fister sentrum. Lauritz Hansen kjøpte på denne tida ein

eigedom på garden Øvre Fister og reiste feriebustad. L.W. Hansen var butikkeigar og elles kjend ordførar i Stavanger og konsul. Hansen fekk skøyte på ferieeigedommen i 1922.

Kaia Tjøsheim, som åtte gard på Midt-Fister, var barnlaus enkje og svært positiv til å selja tomter til byfolk rett etter 1920. I tillegg til Sven Svensen fekk Erling Aarstad kjøpa ein større eigedom først i 20-åra. Familien Olsen kjøpte i same området og fekk skøyte i 1924. Her skaffa og familien Stensland seg hytteplass. Aarstad kjøpte fleire mål dyrka mark og ville hindra at andre hytter kom for nær innpå, og Olsen-familien fekk skriftleg godkjenning på at ingen skulle byggja for nær deira hytte. Dermed blei ikkje utsynet frå hytta mot sjøen stengd. Kaia Tjøsheim selde og naustplass til hytter på andre gardar sin. Til sist åtte garden til Kaia Tjøsheim mest ikkje strandlinje.

På garden Lid fekk utflytt fisterbu og kjøpmann i Stavanger, Sophus Thomsen, kjøpa tomt til hytte. Thomsen overtok eit gammalt folgehus i heimetunet og flytte det til ferieplassen Austlid på garden Lid. Sophus Thomsen fekk skøyte i 1923. Grosserar Erling J.A. Ramsland kjøpte ein større eigedom på garden Øvrehus først i 1920-åra. Her gjekk eit bustadhus og eit jordstykke på fleire mål over frå å vera bustad for ein lærar til å bli fritidseigedom.

Først i 1920-åra kom det såleis opp fleire byhytter på Fister. På denne tida etablerte byfolket seg fastare i bygda med sjøveigande tomter og eigedomsrettar i bygda. Frå no av fanst det to måtar å feriera på for byfolk, i eigne hytter og som leigebuarar på gardane. Dei fleste som kjøpte tomtar, var velstående Stavanger-familiar som hadde feriert i bygda som leigefolk på gardane. Den tradisjonelle ferieforma med å leiga husrom dominerte ut over i 1920- og 30-åra.



Borna på Meltveit har fått bybesøk. Frå venstre: Anbjørg, Ottar og Gudmund Meltveit. Paul Kvam og Ola Meltveit. Bildet er frå 1930 og er utlånt av Olaus Meltveit.

Frå 1925 og fram til slutten av 1930-talet kom det ikkje nye hytter på Fister.

På garden Øvrehus blei det selt hyttetomter kring

1940, byfamiliene Stene og Thingbø fekk skøyte på sine eigedommar i 1942. Johan Kielland Holst fekk i 1940 skøyte på tomt under ein gard på Nedre Fister.

På Lid blei det selt to hyttetomter heilt på slutten av 1930-talet, og Michaelsen og Sverre Holgersen fekk skøyter i 1941. Garden Tønnevik selde to hyttetomter på denne tid, og i Grønvik vel halvmila frå Fister sentrum blei det selt hyttetomter til fleire. Desse fekk skøyter i 1941.

Dei fleste som fekk seg hyttetomter kring 1940, hadde feriert i bygda frå før, men det finst og døme på at «nye» familiar kom til bygda fordi dei greidde skaffa seg hytteomt.

Kva var så grunnen til at bønder selde hyttetomter? I dei fleste tilfelle var økonomien avgjerande. På mange gardar sat dei heller trøgt i det gjennom 1930-åra, og sal av tomter gav større inntekter enn å berre leiga ut husrom sommarstid. Å selja hyttetomter kunne skaffa pengar som var med og reduserte eller sletta tyngjande gjeld. Ønsket om å vera gjeldfri blei nemnd av fleire som hovudmotiv då foreldra selde hyttetomter sist på 1930-talet. Mange såg heller ikkje stor jordbruksverdi i skrinne jord og bergknausar ved sjøen.

Det var jamn pågang etter hyttetomter frå byfolk, men ikkje alle ville selja. Mest ettertrakta var område ved sjøen. Somme bønder var svært bevisste på at dei ikkje skulle selja. Å gi slepp på noko av garden til byfolk som ville byggja hytte var utenkjeleg, sjølv om dette kunna skaffa lettente pengar og ikkje alle område var like viktige for gardsdrifta. På ein mindre gard ønskte mange byfolk hyttetomter ved sjøen, men svaret var alltid nei. Inntekter frå tomtsal kunne skaffa pengar til utdanning for sønene som voks til, fortel ein som hugsar at faren stod mot alt press om tomtsal. Til byfolk selde han aldri!

DAGLEGLIV FOR FERIEFOLKET

Kva gjorde byfolket på om dagane sommaren gjen-

nom? Badeliv, roturar og fiske framhevar fleire som dei mest omtykte sommarsyslane; det dei minnest mest med glede når dei tenkjer tilbake på barne- og ungdomsår som Fister-ferierande. Byfolket levde sitt liv i bondebygda Fister og deltok lite i det onnearbeidet som merkte dagleglivet til bygdefolket mest heile sommaren. Ein god del av byungane prøvde seg i nye og uvante samanhengar i somme av onneaktivitetane. Det gjorde og enkelte av dei vaksne, m.a. var det med og raka vel med rive etter tørrhøyet var køyrd i løa. Når tørrhøyet hadde komme i hus, var det alltid spennande å hoppa i høyet for ungane.

Byfolk som åtte hytter, skaffa seg båt og naustplass. I eit større naust etter ein båtbyggjar (Johan Kaldhagen) fekk 7-8 båtar til byfolk opplagsplass vinterstid. I mellomkrigsåra rodde byfolket til idylliske vikar og sola seg på fine sommandagar. Lenge var ein badeplass på garden Sandvik ein mykje brukt samlingsstad for byfolk. Her møttest dei til bading, soling og sosialt fellesskap. Bygdefolket hadde ikkje tid og tradisjon for å liggja timevis på badestrande.

Det hende og at byfamiliar gjekk ut i skogen for å drikka kaffi. Niste bar dei med seg. Ein Stavangerfamilie hadde fleire huslydar i ætta på Fister om somrane, og det hende at kring 39 medlemmer frå familien møttest til kaffisamling i naturen på ei open slette i skogen mellom Hetlandsvatnet og Litlavatnet.

Dei fleste byfolka nemner naturen som eit stort pluss med feriesomrane på Fister. Mange gjekk turar til gardar som låg eit stykke vekke frå der dei budde, til Fisterfjellet eller i skogen. På garden Solbjør kjøpte fleire byfamiliar fløytekolle etter ein gangtur i motebakke på vel tre kilometer. På sein-sommaren var det vanleg å plukka bær.

KAIEN VIKTIG SAMLINGSSTAD

Kaien var det sjølvsegde sentrum for både fastbuande og feriefolk. Når rutebåten kom frå byen om ettermiddagen, møtte byfolket trufast fram for å handla og henta post. Kaien var ein uformell møteplass der byfolket treftest til ein prat om ferieliv og anna av laust og fast. På kaien kunne også fisterbuen og feriegjestene sjå kvarandre, helsa høfleg eller slå av ein prat.

Eldre byfolk hugsar samlinga på kaien som positive minne frå Fister-ferie i barne- og ungdomsåra. Om laurdagane stod mødrer og ungar på kaien og venta med glede på at far skulle komma frå byen, om søndagskveldane vinka dei farvel. Det var vanleg å ordna til i husværet i god tid før far skulle komma om laurdagane, og ungane blei oppkledd. Nokre av byfolka tinga seg drosjeskyss frå kaien til hytta når dei kom med båten om laurdagsettermiddagane. Dette såg bygdefolket på som eksklusivt. Å leiga drosjetransport når ein berre hadde nokre kilometers veg til hytta, verka lukseriøst.

Kaien var viktigaste handelsplassen i bygda, og for handelsmannen hadde feriefolka mykje å seia. I 1920- og 30-åra var livet på gardane mykje merkt av naturhushald. Ein var sjølvhjelpa med mykje og kjøpte ikkje andre varer enn dei nødvendige. Byfolket var kjøpesterke, og deira liv var meir prega av pengehushald. Handelsmannen på Fister-kaien på den tid, Erling Thomsen, dobla omsetninga sommarstid. Sommaren var og ei svært travel tid på landhandelen. Mest alt skjedde om ettermiddagane i båtstida. Då handla folk og henta post. Som kundar meiner handelsmannen at han merka ikkje så stor skilnad på byfolk og landsfolk. Likevel hevdar enkelte at handelsmannen ytte god service og oppførte seg svært høfleg overfor kjøpesterke byfruer.

Dei visste å forlanga service frå handelsmannen meir enn dei fleste fastbuande kravde.

OLSOKFEIRING

Det var svært få organiserte tilskipingar der byfolk og bygdefolk treftest, men på olsokferingar som Minna og Erling J.A. Ramsland tok initiativet til, møttest folk frå bygda som stod famiiien Ramsland nær og deira tilreisande venner frå byen. Olsoksamlingane var med og knytte band mellom byfolk og fistebruar, men det var helst bygdefolk med kulturelle interesser, lærarar og utvalde bønder, som samlast i Ramsland sin ferieheim på Ramsbu. Om føremålet med olsoksamlingane har Minna Ramsland uttrykt dette: «Meningen med disse aftener var aa øke interessen for fædrelandet og derigjennom faa mere kjærlighet til land og folk, ved øket kjendskap til landets historie og dets digtere.» (Hyttebok 1.9.1929).

På olsoksamlingane heldt Erling Ramsland oftast tale for dagen, fru Ramsland song, det var musikk og foredrag om forfattarar. Kring 30 personer deltok. Også bygdefolk stod for programinnslag, m.a. Lars Sigmundstad på Bjørnsonkveld og Hans Tjeltveit på Vinjekveld.

Olsok-feiringa i 1930 blei lagd til kyrkja. Dette året var det 900 årshøgtid over heile landet til minne om Stiklestad-slaget. Programmet i kyrkja var dominert av Ramsland-familien. «Kirken var næsten fylt, og folk var taknemmelige, og vi som hadde stelt med det hele var fornøiet, fordi det hele var saa vellykket.» (Minna Ramsland i hytteboka). I ei Stavanger-avis skreiv signaturen «Lyktemann» at Fister-tradisjonen der byfolket skipa til olsokfest, burde takast opp av andre: «På Fister og Usken holder landliggerne hvert år Olsokfest. Den som har deltatt vet at det er både gildt og morsomt. Det skulde alle

landligere gjøre.» I Stavanger-pressa stod det referat frå olsksamlingane på Fister.

Ein byfamilie hadde så stor eigedom at dei hadde ku fleire somrar under den andre verdskrigen. Oftast var det hushjelpar med bygdebakgrunn som stod for mjølkinga. Mange av byfamiliarne hadde hushjelp, og dei følgde med på landet og stod for mykje av det daglege arbeidet i hytta eller leigehusværet. Familiar med større tomter planta frukttre og bærbuskar. Matauk blei og drive frå bærplukking i skogane. Få byfamiliar hadde så stor hage som blei utnytta til frukt- og bærproduksjon som familien Ramsland. Hausten 1951 kunne familien summera dette innhaustingsresultatet då dei gjorde opp status etter sommarsesongen:

55 l solbær
150 i rips
5 l stikkelsbær
260 l plommer
140 l pærer
100 l eple, delvis øydelagde av makk
15 l moreller
10 l kirsebær

DÅ KRIGEN KOM

Då den andre verdskrigen braut ut 9. april 1940, hadde fleire Stavanger-familiar hytter på Fister å reisa til. Minna Ramsland såg faren for at landet kunne bli evakuert alt hausten 1939. Då dei stengde av hytta for 1939-sesongen, gav ho i hyttEboka uttrykk for at Fister kunne bli ein stad å evakuera til. Den 30. september 1939 skreiv ho i hyttEboka: «Hvad skal alt dette ende med? Må vi når vinteren for alvor setter in evakuere? Vi har satt vårt hus i beste stand og orden, ferdig til å ta imot os, om vi må evakuere.»

Noka evakuering blei ikkje aktuelt før våren 1940. Då krigen kom, gjorde Ramsland-familien seg klar til å dra på landet i lag med mange andre byfamiliar. Samanlikna med andre byfolk på flukt, var hytteeigarane privilegerte. Slik har Minna Ramsland fortalt om 9. april: «Jeg gikk øieblikkelig igang for å pakke ferdig for sommerflytning. Båtene fikk besked om at de ikke fikk gå. Men vi kjørte ombord og satt og ventet, og omsider gikk da «Fisterfjord» kl. 5 først. Ja, nå var vi gla at vi hadde et velordnet og temmelig fylt hus med mat og klær. Vi pakket opp og ordnet vårt hus og kom til seng; men natten var urolig med fly og skyting. Neste dag kom båt etter båt med flyktninger og pakenilliker av alle slag og sekker med sengklær — men mat tenkte nesten ingen på. Han «Erling» (handelsmannen») har vel brød o.s.v. Nå ble det travelt på butikken og delvis rasjonering.»

Det finst døme på at byfamiliar som evakuerte dagen etter krigutbrotet, reiste til Fister og tok inn hos familiar dei kjende som faste «leigetakarar» sommarstid. Dei hadde ein stad som det var naturleg å fara til i ein utrygg livssituasjon.

Fleire grosserarar ferierte fast på Fister, og dei samarbeidde om å frakta matvarer frå Stavanger til bygda rett etter krigsutbrotet. Det var Erling Ramsland, Alf Sørbø og Jacob Holst. Ei Fister-skøyte stod for varetransporten. Matvarer og anna utstyr blei fordelt og lagra på fleire stader. På den måten hadde fisterbuen ekstra god nytte av byfolk som ferierte i bygda om somrane.

Fleire av feriefolka budde på Fister i delar av krigen, og somme byungar gjekk på skule i bygda. Dette styrkte kontakten mellom byfolk og fisterbuar.

Ei nyreist byhytte på garden Lid blei tatt i bruk til tyske føremål. Mot slutten av krigen gjekk tyskarane



Familien Nygård på ferie i Hetlandsbygda ca. 1920. Her er dei på rotur ved Bjørkeneset i Hetlandsbygda. Bildet er utlånt av Målfrid Eide.

i gang med å laga til det folk meinte skulle bli ein ubåtbase i Sandangervågen på Randøy, og arbeidsfolk blei buande i hytta til familien Michalsen på Lid. I hytta blei det laga til mange køyer, og hytteei-garane måtte halde seg vekke frå feriebustaden sin.

FÅ NYE HYTTER ETTER KRIGEN

Etter den andre verdskrigen blei det meir slutt med å leiga ut husrom på gardane. Men i nokre få hus budde det leigefolk fram til kring 1950. Etter perioden med aktiv hyttebygging sist på 1930-talet og rett etter 1940 hadde bygda fått mange faste hyttefolk som var bufaste i bygda sommarstid. Feriemønsteret var det same i etterkrigsåra og ut over på 1950-talet som det hadde vore i fleire tiår tidlegare.

Heller få nye feriehytter har komme til i sentrum-skrinsen etter 1945. Lysten til å selja hyttetomter har minka, og etter kvart kom det reglar som gjorde at bøndene ikkje fritt kunne selja frå tomter på gardane. Det er hovudsakleg dei same familiane som har feriert i bygda, men nye generasjonar har komme til. I somme tilfelle er det tredje generasjon som no er feriefolk.

Sommartrafikken med ferierande byfolk har gjen-nom åra vore med og forandra bygda sommarstid. Det skapte liv og røre i bygda med mange foran-dringar og meir folk. Når byfolka kom, opplevde bygdefolket at no var det sommar. Etter byfolket reiste, stilna det i bygda og hausten stod for døra. Desse opplevingane understrekar fleire vi har snak-ka med.

At mange byfolk ferierte på Fister og i andre byg-der, var med og auka trafikken med fjordabåtane. Derfor blei rutetilbodet betre sommars tid, særleg i helgene. Det finst og døme på at sal av hyttetomter

var ei bevisst handling med tanke på å skapa trafikk-grunnlag for fleire rutebåtstopp. På garden Grønvik ved Årdalsfjorden selde bonden fleire hytteomter kring 1940 og etter krigen. Ønske om båtstopp i Grønvik var ein viktig grunn til at det blei selt hytte-tomter. Frå Grønvik til kaien på Fister var det over ei halv mil. Også på Helgøy kom det mange hytter etter krigen, noko som gav grunnlag for båtruter, særleg i helgene.

FORHOLDET MELLOM BYFOLK OG LANDSFOLK

Vi har tidlegare understreka at økonomiske årsaker gjorde at landsfolk leigde ut husrom til ferierande byfolk sommarstid. Seinare selde fleire bønder hyt-tetomter for å skaffa seg ekstra inntekter. Det var pengetrong som låg til grunn for at byfolk fekk inn-pass på Fister som i andre bygder. Økonomisk sterke byfamiliar hadde eit pengeovertak i høve til folket på bygdene. Tradisjon talde venteleg og. Når ein familie i bygda leigde ut og flytte or delar av huset sommarstid, valde andre å gjera det same for å skaf-fa seg ekstra inntekter i pengeknappe tider.

Sommarstid dobla byfolket folketalet på Fister. Det var bygdefolket som gav folk frå Stavanger inn-pass i bygda, og det er ingen bitre merke etter at bygdefolket såg på byfolket som inntrengjarar i dei-ra miljø. Men det er sjølvsagt av interesse å prøva finna ut noko meir om korleis kontakten mellom byfolk og landsfolk var og korleis dei to gruppene såg på kvarandre.

Det var lite av nærkontakt mellom byfolk og landsfolk ut over frå 1910. Dei to gruppene kom sjeldan lenger enn til dørstokken hos kvarandre. Begge grupper levde sine liv uavhengig av einan-

nan. Når dei to grupperingane ikkje blanda seg med kvarandre, blei det korkje tett omgang eller konflikthar. Grupperingane utfordra ikkje kvarandre.

Mellom ungane var det lettare å etablera kontakt, og etter som ungane voks til, blei banda mellom by og land i sommarbygda Fister tettare. Men fleire eldre bygdefolk peikar på at både ungdommar og vaksne byfolk hadde tettare kontakt med andre byfolk enn med bygdefolket. Det hende likevel at byungdommar sist på 1930-talet var med Fister-ungdommar i miljøet på ungdomshuset og spela skodespel. Byungdom gjekk og på ungdomshuset når det var dans. Mange fortel om at by- og landsungdom blanda seg på dansegolv, men det fanst unge både blant byungdom og fastbuande som ikkje møttest i dansen. Generelt sit vi etter mange samtalar med både byfolk og fisterbuar att med eit inntrykk av at bygdefolk målber kjensler av avstand til byfolket i sterkare grad enn byfolk meiner dei opplevde avstand i forholdet til dei fastbuande. Byfolk omtalar forholdet til bygdefolket svært positivt. Likevel er det grunn til å tru at byfolk i somt tykte at dei fastbuande skilde seg frå byfolket sine vanar og manerar. Bygdefolk blei sett på som «bondske». Det er heller ikkje tvil om at livsstilen varierte mykje mellom fastbuande og byborgarar frå det øvre sosiale skiktet i Stavanger.

Etter kvart som dei fleste byfolk fekk eigne hytter og feriefolket blei betre kjende i bygda, styrktast kontakten mellom feriefolket og fastbuande. Andre generasjons hytteeigarar fekk eit meir naturleg forhold til bygdefolket. Dei hadde feriert i bygda sidan dei var ungar og leika saman med bygdebarn. Denne situasjonen finn vi tydeleg frå 1945 og utetter. Byfolk fortel at dei blei møtte med velkommen-helsing når dei etablerte seg på landet for sommaren.

Dette gav ei positiv kjensle av å vera godtatt i bygda.

Mange av dei som ferierte på Fister, var folk med status og viktige stillingar i Stavanger. Byfolk vi har snakka med, meiner at dei ikkje tykte bygdefolket såg spesielt opp til dei. Enkelte bygdefolk gir uttrykk for ei anna oppfatning. Dei opplevde at byfolket kjende seg som ei gruppe som stod over det vanlege livet i bygda, og folk på Fister hadde stor respekt for enkelte av dei mennene som hadde viktige posisjonar i Stavanger.

Mange fisterbuar hadde «sine» byfamiliar som kom att kvart år. Langvarig kontakt skapte fastare kontakt. Og om enkelte fisterbuar kunne kjenna seg litt blyge og ha ein naturleg avstand til byfamiliarne som leige husrom, kjende dei seg stolte over å ha byfamiliar med høg sosial status som sommargjester i sitt hus.

Det var mange «fine» familiar med posisjonar i bysamfunnet som skaffa seg ferieopphald på Fister. Titlar som sakførar, konsul, kontorsjef, grosserar, kjøpmann o.fl. dominerte blant feriefolket. Når folk i ettertid minnest kven av byfolka dei hadde mest respekt for og opplevde å ha høgast status, talde personlege eigenskapar og posisjonar i Stavanger politisk og på andre område i samfunnslivet meir enn yrkestitlar. Å vera flink forretningsmann gav ikkje utan vidare status.

Blant bygdefolk som streva i slåttan det meste av sommaren, kunne det seiast sukkande replikker om at «Vi skulle hatt det som byfolket!» Dei misunte feriefolket som kunne nyta livet sutelaust og fri frå alle tyngjande plikter når veret var fint. Bygdefolk meinte at byfolket skjøna seg lite på gardsdrift og det yrkeslivet som dominerte i bygda. Det var tale om to kulturar som levde ved sida av kvarandre i eit forpliktande sommarmøte. I enkelte høve spurde

bygdefolk om råd frå fagfolk på ulike område som ferierte i bygda. Dette var meir unntak enn hovudregel.

Byfolk med hytter fekk ei fastare tilknytning til bygda enn leigefolk. Enkelte hyttefolk har fortalt at menn frå Fister var innom i døra til ein prat og ein dram, og det hende at byfamiliar var på besøk i heimane til landsfolk. Men ut over mot 1940 var ikkje dette sjølvsagde og mykje brukte samværsformer. Den uformelle utomhus-kontakten var den dominerande. Men enkelte byfolk og fastbuande hadde tett kontakt der dei møttest til prat, kortspel o.a.

Nokre få bygdefolk hadde faste avtaler med byfolk som åtte hytter om å ha eit visst tilsyn med eigedommane vinterstid. Dei tømde og doet, gjødsla eigdommen om våren og gjorde mindre vedlikehaldsarbeid på hytte og uthus.

Kontakten mellom byfolk og bygdefolk blei tettare med åra. Fleire familiar kom att kvar sommar, talet på hytter auka, og mange byfolk «hørde til» i Fister-bygda sommarstid. Fleire fisterbuar understrekar at den andre verdskrigen viska ut mange skilje. Då opplevde landsfolk og byfolk sterkt at dei var i same båt.

Bygdene var stadene byfolket flykta til i panikk rett etter krigsutbrotet den 9. april 1940. I matknappe tider gjennom krigsåra produserte bøndene livsnødvendige varer, og mange byfolk reiste til bygdene på hamstring. I krigsåra opplevde folk frå by og land at dei hadde bruk for og kunne gi hjelp begge vegar. I krigsåra fekk bygdefolket eit «overtak» sidan dei produserte livsviktige matvarer som byfolk laut reisa rundt og be om å få kjøpa.

Ein ting som gjennom åra har irritert enkelte bygdefolk, var at hytteeigarane arbeidde på søndagar og helgedagar som påske og pinse. Helgefreden heldt

dei fastbuande i hevd, derfor blei det sett på som negativt når det hørdest banking frå snekkararbeid på hyttene eller byfolket dreiv med hagearbeid. For dei som ferierte på Fister, kunne det vera kvile å gjera småarbeid ute og inne. Men dette braut med hevdvunnen bygdetradisjon.

Bygdefolk kommenterer også som negativt at enkelte byfolk var ivrige til å verna om sitt eige når dei åtte grunn, men dei praktiserte ikkje same respekt for det som hørde fastbuande til. Så snart ein byfamilie fekk kjøpa ei tomt, kom det opp gjerde som skulle halda andre på trygg avstand.

På ein gard var det vanleg at byfolk kom for å låna telefonen då folka på garden åt middag. Dette lika gardsfolket berre så måteleg. Det var ikkje noko veldekka middagsbord onnefolket på garden samlast rundt; derfor skjemdest dei litt over at byfolket skulle sjå kor enkelt det var ved middagsbordet med gryter på bordet og ei lita samling med potetskrell rundt kvar tallerk. Når det gjeld enkle forhold i bondebygda, minnest ei eldre bydame at ho som jentunge reagerte på at i ein småkårsheim hadde dei ikkje gardiner i stova, og det stod blomar i tome hermetikkboksar. Dette var før 1910.

SAMEKSISTENS UTAN STORE KONFLIKTAR

På Fister som i andre bygder der byfolk frå Stavanger sommarferierte, skjedde det eit kulturmøte mellom menneske med ulik økonomisk og sosial bakgrunn. Bygdefolket har hatt eit todelt syn på sommarferienande byfolk. Dei hørde på eit vis til i bygda, var obligatoriske og velkomne sommargjester, men dei var ikkje ein del av bygda på same måte som dei fastbuande. Byfolket hadde ei gjesterolle.

Vi har peika på at fastbuande og byfolka i fleire tiår levde sine liv ved sida av kvarandre utan altfor

tett sosial omgang. Open strid mellom feriegjester og fastbuande har vi ikkje registrert. Konfliktar i bygdesamfunnet fanst det mellom fastbuande og mellom medlemmer i enkelte familiar, men interessekonfliktar mellom byfolk og landsfolk var det aldri. Dei to grupperingane levde i fredeleg sameksistens med ein viss avstand og var avgjort på talefot med kvarandre.

At det frå tidleg på 1900-talet og fram mot 1940 var vanleg å leiga ut husrom til byfolk nokså manngjamt, gjorde at fisterbuen hadde eit kollektivt ansvar for å opna bygda til feriegjester frå Stavanger. Men det fanst heimar der det ikkje blei leigt ut husrom til byfolk.

I ettertid kan det tykkjast nedverdigande å flytta or delar av eigen bustad for å skaffa seg leigeinntekter frå byfolk. Å bruka kjellar og eldhus sjølve medan byfolket nytta gardskjøkkenet, må ha gitt kjensle av å vera liten mot dei økonomiske sterke frå byen. Dei som opplevde denne tida, kan ikkje minnst at bygdefolket reagerte negativt. Dei såg mon i dei pengane dei kunne få fatt i, og romutleige hadde tradisjon i mest heile bygda, både på dei store gardane og i mindre hus hos folk som sat trongare i det og levde meir av lausarbeid.

Fisterbuen har gjennom åra hatt eit todelt syn på byfolket. Byfolket såg dei opp til, — og i somme samanhengar litt ned på. I travle onnestunder kunne byfolket leva eit avslappa ferieliv medan bygdefolket laut streva lange dagar med onnearbeid og andre daglege plikter som hørde gardsarbeidet til. Byfolket skjøna seg lite på bonden sitt liv og arbeid, det var tale om to kulturar som sommarstid levde tett innpå kvarandre utan å kollidera eller utfordra kvarandre kvast. Byborgarane stod for eit anna levestett og eit anna kulturmønster.

Småmurring blant fastbuande om at byfolket ikkje respekterte helgefreden med hamring i hytta og hagearbeid handla mest om verdisyn og ikkje interessemotsetningar.


Forholdet mellom byfolk og landsfolk har aldri vore konfliktfylt på Fister, men ein viss avstand har det vore mellom dei to grupperingane. Feriefolket har heller aldri vore så mange at bygdefolket har kjent seg truga av hytteeigarane og deira interesser. Velforeiningar eller andre tiltak der feriefolket skipa interesseorganisasjonar har aldri funnest. Bygdefolket har alltid hatt kjensla av å vera herre i eige hus.

Tidlegare var fiste-buen avhengige av byfolket som inntektskjelde. I dag er dei økonomiske kårane heilt andre enn då sosialt og høgtstående Stavangborgarar skaffe bygdefolk kjærkomne kroner frå romutleige og tomtsal. Bygdefolk og byfolk opptre meir på same planet i dag. Kulturelt er mange skilje utviska, og det er ikkje råd å finna same skilnad som før mellom ein særmerkt bondekultur og ein byborgarleg høgkultur.

Mange hytter som har komme til i seinare år, er reiste av utflytte bygdefolk. Hytteeigarar er ikkje lenger berre byfolk utan slektsband til bygda. Etter den andre verdskrigen er mange fiste-buar flytte til Stavanger og blitt bufaste der. Her fanst det arbeid og ei sikker framtid for fleire enn heimbygda kunne brødfø.

I dei fleste hyttene bur det no andre eller tredje generasjon feriefolk. Mange byfamiliar kjenner seg sterkt knytte til Fister etter mange års ferieopphald. Enkelte byfolk har feriert på Fister i meir enn sytti somrar og har levd sitt sommarliv i så mange år at dei veit meir om bygdelivet gjennom 1900-åra enn den yngre generasjon av fastbuande.

Hyttene blir ikkje lenger brukte på same måte



Fister kring 1960. Eit mindre hus midt på biletet er blant dei første hyttene i bygda. Det tilhøyre familien Svendsen. I bakkane øvanfor garden Lid (øvtst på biletet) ser vi tre byhytter. Hyttene låg nær husa til bygdefolket.

som i tidlegare år. No flyttar ikkje byfolk på landet for å bu der heile sommaren. Mange hytter står ubrukte store delar av ferien og er berre i bruk i helgene og korte periodar elles. Byfolket er ikkje ein del av bygdelivet på same måte som dei var det gjennom mange år fram til for ti-tjue år sidan.

Dei fleste byfolka kjem ikkje til bygda med båt lenger, men med bil om Tau. Kaien er ikkje lenger sentrum i bygda, og båttida er ikkje lenger dagens høgdepunkt og samlingstid om ettermiddagane. Dermed blir det mindre uformell kontakt feriefolket imellom og mellom bygdefolk og hytteeigarar.

Byfolket er ei meir anonym gruppering enn før og mindre synleg i bygdebiletet. For kontakten mellom feriegjester og fastbuande i framtida er det viktig å skapa nye uformelle møteplassar.

LITTERATUR OG KJELDER

Bergsåker, Jon: Båten og bygda. Stavanger 1977.

Lorensen, R.A.: Det Stavangerske Dampskibsselskab 1955-1955. Stavanger 1955.

Rabbe, Dorthea: Ymse frå «landliggjartidi» i Sausokn omkring hundraårsskiftet. I Stavanger Turistforenings Årbok 1931.


Strøm, Boye: Topografisk-statistisk beskrivelse over Stavanger Amt. Kristiania 1888.

Matrikkel over eigedommar i Hjelmeland kommune. Hyttebok for familien Ramsland.

Ei takk til alle feriefolk og fastbuande som har fortalt og svara på spørsmål.

Njål Tjeltveit, født 1943, er kultursjef i Hjelmeland kommune. Han har skriva fleire bøker og artiklar om lokalhistoriske emne frå Ryfylke.

Frå smelteverket ved stålverket der dei driv med støyping i kokiller. Kokiller er støypeformer.



«Här stannar inte jag!»

AV LARS GAUTE JØSSANG

Svensken hadde ikkje vore lenge på Jørpeland før desse orda kom over leppene. Det tunge vestlands-været, regn og skodde til alle tider, var utåleleg. Barkafjellet og andre fjell i «syningom» steig elles irriterande til vers og stengde utsynet. Det vart for inneklemmt og trykkande. Men klima og landskaps-formasjonar var ein ting. Noko anna var dei sosiale spenningane som fortetta seg i den gryande fabrikkbyen fram mot 1920. Dei hadde også med svenskar å gjera.

Jørpeland og Søre Strand var frå gammalt av helst ein utkant i heradet. Det var Tau og området nord for «Hole Eigå» som utgjorde det naturlege tyngdepunktet. Her låg kyrkja, det vesle som var av kommunal administrasjon og for ikkje å gløyma Tou Mølle. Men hegemoniet til nordbygdarane låg likevel ikkje fast. Like etter århundreskiftet rann nemleg «den nye arbeidsdagen», som Christian Michelsen snakka så varmt om, over landet. Den nyutvikla kraftteknologien gjorde det nemleg mogleg å kobla hestekreftene i fossane til maskinar og produksjonsutstyr stuva saman i fabrikkar. Med mange fossefall lova dette sjølv sagt godt for eit Noreg på veg inn i industrialismens tidsalder.

På denne bakgrunn er det ikke å undrast på at gründerar også kasta augo sine på Tunglands- eller Jørpelandselva. Såleis blei A/S Ryfylke Kraftanlæg danna i 1909 med ingeniør Hallvard B. Sæther i spissen. Og eit år og to seinare kunne bysbarnet og

skipsopphoggingsmannen, Ths. H. Poulsson, kalla inn til konstituerande generalforsamling for Stavanger Electro Staalverk A/S. Dermed var tungindustrien på veg til Jørpeland og Strand, til småbruksbygda med fiske og sjøfart som viktigaste attåttnæringar.

Denne artikkelen skal ikkje handla om polariseringa og spenningane som oppstod mellom den nordre og den søre delen av heradet for skuld industrireisinga. I større og mindre grad har dei gjort seg gjeldande heilt fram til i dag. Det opprivande ordskiftet som til dømes har vore om Høgsfjord-røyret, er djupast sett ein del av denne problematikken. Men når det meir spesielt gjeld Jørpeland, kom altså denne bygda inn i det industrielle dragsuget tidleg i dette hundreåret. Det førte og til at andre kulturstrau-mar gjorde seg gjeldande. Såleis var det uunngåleg at møtet mellom ein «raud» og internasjonal fagarbeidarkultur på den eine sida og ein «nasjonal» jord-

og sjøkultur overrisla av lekmannskristendom og tradisjonelle verdsett på den andre, med nødvendige måtte gje atterljom.

BYGDA VART OMSKAPT

Folk med skinnbukser, breidbremma hattar og store snuslipper kom til Jørpeland i 1909/10. Mange hadde ein svensk dreier på målet sitt, men det galdt slett ikkje alle. Når det både skulle byggast kraftstasjon og eit stålverk med smeltehytte, hammarverk og støyperi, skjønar ein straks at det var behov for mange arbeidsnevar. Difor var det ikkje berre rom for bresne rallarar, men og for bygdefolk. Med anleggsarbeida blei den jamne kvardagstralten broten, Jørpeland kom kort og godt under «forvandlingens lov».

Holger Barkved har skildra omskiftet, eller opp-takten til det nye industrisamfunnet, i nærast poetiske ordelag: «Bygda vart liksom med ein gong umsnudd. Ingeniørane kom med sine målegreidor, rekna og stakk ut. Dei kjøpte opp vassrettar og jordeigedomar. Det strøymde til alle slags folk frå nær sagt alle land. Det song under mineboltane, det dunde tungt av sprengsmellane som gav atterljom i fjell milevidt ikring og fortalde at ein ny tid gjorde sitt inntog». Den industrielle revolusjonen kom altså med dunder og brak til Jørpeland, som til Sauda, Odda, Høyanger og andre kraftbygder på Vestlandet.

Korkje stålsmeltarar, formarar eller smedar var å oppdriva i Strand-sokna. Difor orienterte stålverksdirektøren seg mot den internasjonale arbeidsmarknaden. Ths. H. Poulsson rykte inn annonser i aviser på kontinentet, og rekrutteringskampanjen lukkast rimeleg godt. Til Jørpeland kom i alle fall tyskarar, austerrikarar, belgiarar og jamvel ein og annan

franskmann. Namn som Starzengruber, Radlgruber og Guillaume bar bod om langveisfarande folk.

Skulle den nyetablerte verksemda få fram stålprodukt med høg kvalitet, var dugande fagarbeidarar ein av dei viktigaste føresetnadene. Jørpelendingane og andre strandbuar kunne i høgden nyttast som hjelpearbeidarar og handtlangarar dei fyrste åra. Det er neppe tilfeldig at så mange av dei lokalrekrutterte arbeidarane begynte karrieren på kaien, som sjauarar under taktstokken til Peder Tunland. Det var ein veg inn i føretaket til andre og meir attraktive jobbar.

Bygda som på eit vis hadde slept taket i primærnæringane, vart til eit fleirnasjonalt/fleirkulturelt samfunn. Men trass i betydelege skilnader på det nasjonale, faglege, kulturelle og livssynsmessige området, gjekk likevel dette fyrste «møtet» av i likaste laget. Visst la utlendingane for dagen eit anna levestett med andre skikkar. Og visst var fleire av dei katolikkar.

Visst blei avstanden uhorveleg stor mellom den utanlandske arbeidarelite og fiske- og jektebøndene som knapt hadde sett ein fabrikk før. Og visst var organisering av arbeidarar i fagpolitiske samanslutningar av typen Jern og Metall noko nytt. Men på bakgrunn av dei store endringane, skulle ein kanskje ha venta fleire utladningar. Dei store konfrontasjonane uteblei, så om samkvemet ikkje akkurat var harmonisk, var dette for inkje å rekna mot det som kom nokre år seinare.

JOBBETID — DYRTID — REVOLUSJONSTID

Den fyrste verdskrigen kom som eit stort sjokk på det «siviliserte» og framstegsvennlege Europa. Den positive utviklinga som lenge hadde rådd grunnen,

blei avløyst av liding og store atterslag. Kven kunne sjå for seg sorpefylte skyttargraver med sundskotne kroppar berre nokre år i forvegen? Sjølv om ikkje Noreg direkte blei trekt inn i krigshandlingane, deltok landet som «nøytral alliert», for å bruka ei kjend nemning.

Men nokre vart råka meir enn andre. Blant desse høyrer så absolutt Stålverket på Jørpeland. Mobiliseringsordren nådde nemleg den nyindustrialiserte bygda i ytre Ryfylke. Så sjølv om nokre la det døve øyra til, vart det oppbrot for dei fleste utlendingane. Då tyskarane glei ut Idsefjorden, vart det sunge «Deutschland, Deutschland uber alles» så det høyrtest langan lei. No skulle dei heim og kjempa for Keisar Wilhelm! Fulle av kampmot sa dei farvel til Jørpeland og arbeidsplassen sin.

Ths. H. Poulsson kom dermed verkeleg i klemma. Utan fagarbeidarar — ingen produksjon. Dei lokalrekrutterte arbeidarane hadde rett nok begynt å snusa på meir avanserte jobbar enn sjauinga på kaien, men dei hadde på ingen måte den nødvendige kompetansen til å ta over. Til dette kom at direksjonen for Stålverket hadde sagt ja til utviding av verksemda. Mellom anna skulle det byggast valseverk og endå ein kraftstasjon. Aksjeinnbydinga blei sendt ut, og responsen var slett ikkje klein.

Mangel på fagfolk var heilt klart eit trugsmål mot Stålverket. Men direktøren tok stuten så å seia ved horna. Sjølv om «svenskehatet» knapt hadde lagt seg, 1905 låg trass alt ikkje så langt attende, orienterte Poulsson seg nettopp mot dette nabolandet. I industriell utvikling, og spesielt på det elektrometallurgiske området, hadde svenskane lange tradisjonar og opparbeidd ekspertise. Vervekampanjar med god løn og andre lokkemiddel gjorde si gjerning. Det dukka raskt opp nokre forløparar, før ein strid

straum av svenskar kryssa heradsgrensa. Larsson og Ljungquist og andre etternamn som enda på «son» og «quist», vart vanlege.

Det blei jobbetid på Jørpeland frå 1916 og utover. Sjølv om Stålverket opplevde flaskehalsar i råstofftilgangen, blei likevel ikkje drifta hemma i nemnande grad. Produksjonsprosessane gjekk sin gong, Nansenstål blei laga og skipspropellar og smidde artiklar, som pikker og spett m.m., blei skipa ut frå bygda til kundar både nær og fjern. På anleggsplassane, inne på sjølve Stålverksområdet og på den nye kraftstasjonen oppe i Jørpelandsdalen, var det også full aktivitet.

Det viste seg likevel at anleggsarbeidarane denne gongen var meir radikale enn forgjengarane hadde vore. Såleis bar mange på syndikalistiske «anskuelser», som ein gjerne sa i den tida. Denne sosialistiske retninga med opphav i Franrike, hadde bråe og uventa arbeidarframstøytar som fremst kjennemerke. Plutseleg kunne dei leggja ned arbeidet og krevja høgare løn eller andre endringar i arbeidsvilkåra. Fleire tinga «Direkte Aktion» og «Revolt», bladnamn med klare hint om den ideologiske orienteringa.

Øsinga og gjæringa i tida henta også kraft frå den sterke krigsinflasjonen. Som fylgje av dette tok arbeidarane til å forlanga «dyrtidstillæg». All den tid fagforeiningsstellet hadde kome i god gjenge att, det fall saman då utlendingane reiste i 1914, kunne dette gjerast med dess større kraft. Difor kom det også til dyrtidsdemonstrasjonar på Jørpeland, såvel som i Kristiania. Direktør Poulsson og driftsstyrar Steen lika dette berre sånn passeleg, men slik som stoda var, kunne dei likevel ikkje vera for steile. Samstundes var det også klart at stålverksøkonomien, grunna dei store investeringane, ikkje tålte ein altfor slepp-

hendt lønspolitikk. Marginane var små og rammene kunne fort bli sprengde.

Tida arbeidde i det store og heile mot kapitalistane. Arbeidarrørsla i Noreg blei frå 1916 og utover, sterkt radikalisert. «Dynamittmannen» frå Trondheim, Martin Tranmæl, hadde sidan 1911 ivra for ei meir aggressiv linje overfor arbeidsgjevarane. Og Fagopposisjonen, som den nye retninga vart kalla, hadde vind i segla. Tranmæl og mange av dei andre arbeidarleiarane tenkte i revolusjonere banar. Det liberale demokratiet var etter deira meining ubrukande som statsform. L'ancien regime måtte vekk, eit klasselaust og arbeidarstyrt samfunn var den lysande stjerna på kamphimmelen.

Syndikalistiske rallarar, stigande matvareprisar og ei generell radikalisering av arbeidarrørsla på alle nivå, dvs. lokalt, nasjonalt som internasjonalt, varsla moglege samanstøytar, også på Jørpeland. Året 1917 blei då også skilsetjande for det nye stålverkssamfunnet.

FRAM MED KNYTTENEVEN

Det var ikkje fritt for at anleggssluskane og ungkarane på Stålverket såg meir på jentene enn det bygdeungdomen sette pris på. Det hende heller ikkje så sjeldan at berusa svenskar og nordmenn for den del, kom rennande inn på basarar og liknande tilstellingar. Sjølv om dette i fyrste rekke råka folket på Jørpeland, gjekk heller ikkje nabobygdene fri. Såleis fekk Bjørheimsbygda ved fleire høve ublide vitjingar. På sin måte gav slike episodar også næring til uroa, med kvassare frontar som synberre resultat.

Mot slutten av 1916 slo soknepresten i Strand alarm. Til heradstyret skreiv han at det var «åpenbart for alle som vil se at det i den senere tid har tiltatt med misbruk av spirituosa drikke ... Der skibes hjem

en mengde drikke og følgerne er ... voksende råskap». Med mindre det vart truffe «effektive foranstaltningar» ottast presten at det i desse tidene kunne alast «op en drikfældig slekt». Utviklinga hadde gått frå vondt til verre. No hadde det jamvel blitt slik at «de gode elementer av befolkningen neppe tør komme sammen, fordi de risikerer at forstyrres og forulempes av fulde folk».

Med drikkinga fylgde slagsmål. På vårparten i 1917 tørna svenskar og jørpelendingar saman i eit alvorleg basketak. Det vart så gale at bedrifta måtte ta affære. 40 arbeidarar av «de værste syndicalister paa Vestlandet» fekk påbod om å reisa frå bygda. Stålverket bestemte seg for å gjera kort prosess, dvs. «faa fjernet de umuligste Elementer af svenske Syndicalister». Slik som situasjonen var, galdt det om å statuera eit eksempel. På den måten vart utvisinga ein siger for bygda som nærast hadde blitt teken på senga.

Likevel blei det ikkje ro. Ein dag i september same året kunne Stavanger Aftenblad fortelja om «Styg sjau på Jørpeland — slagsmaal og mange revolverskudd». Journalisten kunne melda om «ondartede gatekamper». Under desse bataljane hadde «etpar svensker (også) benyttet revolver» og fyrt av «10-15 skud». At ingen blei alvorleg sår, «betegnes som et under». Sjølv om ein ikkje kan stola blindt på avisreportasjen, var tilhøva langt frå rolege og idylliske. Knytteneven sat i alle fall laust i bukselommen på folk!

Elles vekte «de uegte fødsler» ikkje så liten bekymring. Ei gruppe som kalla seg «Flere Venner af Sædelighed» skreiv såleis brev til presten å klaga si store naud. Dei hadde lenge trutt at «det Offentlige vilde skride til mod den Usædelighed som foregaar her paa stedet», men åtgjerder var ikkje blitt iverk-

sette. Greip ikkje presten inn, truga gruppa med å venda seg til «Politimand og Amtmand» for støtte og «videre forføining».

Drikking, slåssing og sedløyse var i og for seg ikkje ukjende fenomen for jørpelendingane. Det nye var i fyrste rekke omfanget og at «umoralen» blei boren fram og eksponert av radikale og framande arbeidarar. Den halvkristlege bygdekulturen blei utfordra av ein pågåande, gudlaus og sosialistisk fagarbeidarkultur. Flagget, det krossmerkte nasjonal-symbolet og 17. mai, vart ikkje vørddt så mykje på. I staden veifta arbeidarane med raude faner, særleg den 1. mai.

Slik egga til motsegn.

DEN UUNNGÅLEGE KONFRONTASJONEN

Bolsjevikane sin siger og revolusjonstilløpa på kontinentet skapte også von og optimisme blant arbeidarar på Jørpeland. Det kjendest som ei ny tid var i emning, og difor var det all grunn til å bæra hovudet høgt. Innad på Stålverket kjempa arbeidarane for dyrtidstillegg og kortare arbeidstid. Utad blei beisk kritikk formulert mot «de lødende bønder i Strands herredstyre». Det var spesielt den slette innsatsen til provianteringsrådet som fekk gjennomgå. Blei det ikkje snart betring i mat- og forsyningsvegen, «fraskriver vi os alt ansvar for hvad det maatte bli følgerne».

Kravet om 8 timars arbeidsdag blei vidare reist med styrke 1. mai i 1918. Ein deputasjon blei sendt til Stavanger, der hovudkontoret låg. Men direktør Poulsson hadde ikkje tankar om å koma utsendingane og arbeidarane i møte. «Imidlertid slaar dog ikke arbeiderne sig tilfreds med dette. Kravet ... kommer igjen, sterkere og sterkere, indtil man innser at der er ikke nogen vei udenom». Slik skulle det også gå.

Den 17. juni same året gav leiinga grønt lys for «Normalarbeidsugen» i smelteverket, og dermed var det viktige 8-timarskravet innfridd. I tur og orden blei denne arbeidstidsordninga også innført i dei andre avdelingane.

Dessutan pressa arbeidarane leiinga til nye dyrtidstillegg i 1918. I samband med tariffrevisjonen i mars året etter, var det dessutan duka for nye lønskrav. Arbeidarane i jern- og metallindustrien blei tilkjent 30 øre meir i timeløn. Men så pressa økonomisk som Stålverket var på det tidspunktet, nølte Poulsson i det lengste med å innrømme dette tillegget. Fyrst etter at Arbeidsretten den 19. juni slo fast at ingen unntak kunne gjerast, melde direktøren pass. Men det skulle visa seg at dette var ein skinnmanøver. Kort tid etter trakk bedrifta tilbodet attende, noko som gjorde situasjonen endå meir betent.

«Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon», som LO den gongen heitte, oppmoda til politisk streik 21. juli til støtte for Russland, den nye bolsjevikstaten. Stålverksarbeidarane ville gjerne visa sympati og solidaritet, og tok difor fri og gjekk i demonstrasjonstog denne dagen. Dette var ei politisk, og dermed lovleg streik. Likevel møtte arbeidarane den neste morgonen ein stengd fabrikkport. Ei slik lettferdig omgang med arbeidsplikta kunne ikkje bedrifta akseptera. I alle fall heitte det slik i den offisielle grunngjevinga for lockouten.

Etter «Utkastelsen frå arbeidet», som det står i ein av protokollane, blei eit fellesmøte for alle arbeidarar og organiserte grupper på staden skipa til. På denne storsamlinga blei Jørpeland Faglige Samorganisasjon danna. For no galdt det om å stå saman og markera styrke. Samorganisasjonen fekk ikkje uventa ein revolusjonær profil. Arbeidarane måtte vinna kontroll med og sjølv overta «produksjon og omsæt-

ning», og på den måten bana veg for «den socialis-
tiske samfunnsorden». Konflikten tok med dette ei
ny og alvorlegare vending.

Den 23. juli kom mottrekket. Då blokkerte dei
lockouta arbeidarane all anleggsaktivitet på og rundt
Stålverket. Dette råka moderniseringsprogrammet
som snart var ferdig. Når produksjonen kunne koma
i gong att, blei med eitt meir usikkert. Noko verre
kunne knapt henda verksemda, og driftsstyraren rea-
gerte då også momentant og hardt. Å utbetala «opt-
jent løn, betaling for opsigelse og feriegodtgjørelse,»
nedla han straks forbod mot. Då dette blei kjent, tok
arbeidarane oppstilling utanfor kontoret hans. «Jeg
stod alene mellom 250 mann», fortel Steen i sine
memoarar. Folkemengda var «opphisset av sine
ledere til å foreta seg hva som helst». Men ved
«bestemt opptreden holdt jeg ... den osende skare i
sjakk til politipatruljen (frå Stavanger, Igj) ... nådde
fram», og det heile løyste seg opp.

Frontane fraus til og konflikten blei langvarig.
Iste Mai, no Rogalands avis, dekkja konflikten og
kom med kraftige skuldingar mot Stålverket. At
bedrifta sa opp husleigekontraktane, og dermed bok-
stavleg tala kasta arbeidarane sine på gata, blei det
særleg reagert på. «Kapitalen retter alltid slaget mot
arbeiderne paa de følsomste punkter og undlater
ikke et hvilket som helst, ja selv de aller simpleste
midler».

Utan tak over hovudet var det ikkje så enkelt å
føra kampen vidare. Og avisa var ikkje nådig.
«Staalværket lægger tydelig for dagen i al sin optræ-
den, at gjøre opholdet for arbeiderne saa bittert og
surt at de maa forlate stedet (...) Jørpeland skal
avfolkes og det ser ut som at staalverket skal faa sit
ønske opfyldt. Store skarer av arbeidere, særlig ung-
karer forlater stedet, men familieførsørgerne kan

ikke saa lett slippe avgaarde og maa derfor, hvor
ubehagelig opholdet end kan være, indtil videre slaa
sig til taals derinde». Slik skreiv Iste Mai skuffa og
vonbroten på vegne av arbeidarane.

Stålverket kom fyrst i drift på nyåret i 1920!
Nærare eit halvt år hadde verksemda då stått stille.
Byggestoppen, produksjonstapet og dei tunge inves-
teringane hadde utmatta bedrifta. Berre dei færreste
visste då at føretaket i røynda var konkurs. Etter
oppstarten skjedde det eigentleg eit stille eigarskifte.
Bergen Privtbank, den største aksjeeigaren og kre-
dittgjeveren, tok verksemda under administrasjon.

SANERINGSPROSESS MED LANGTIDSEFFEKTER

Poulsen og Stålverket fekk verkeleg føling med kva
radikale arbeidarar kunne stella i stand. I eit tilbake-
blikk frå 1921 omtalar direktøren krigsåra som «en
eneste sammenhengende agitation med regelmessi-
ge eruptioner». Slik som han vurderte tilhøva, var
Stålverket «utset til forsøksobjekt for de nye ideer
med Arbeiderråd først og «Socialisering» efter-
paa». På denne bakgrunn var det nødvendig «at vise
Arbeiderne en gang at nu var det alvor ... der var saa
at sige aldri Pusterom». Det stod såleis klart for
direksjonen at den «maatte føre saken til ende for at
faa arbeidsro».

Å setja hardt mot hardt var altså ein strategi for å
koma «de fortvivlede Arbeidsforhold» til livs. Meir
konkret innebar dette å pressa arbeidarane over på
defensiven, og så få vekk dei mest radikale elemen-
ta. Det skjedde både i 1917 og 1919 som me såg. I
samband med den siste saneringsprosessen kom sær-
leg Jacob Sustad og Carl Nielsen, dei fremste og
mest pågåande arbeidarleiarane, i skotlina. Dei had-
de «ageret blæsebelg», og bar, etter Poulsen si mei-

ning, det største ansvaret for tilspissinga og konfrontasjonen. Når Sustad blei karakterisert som «en hensynsløs Mand af Bolsheviktypen», er det ein uvanleg sterk ordbruk. Då hevinga av lockouten nærma seg, var det i alle fall eit ufråvikeleg krav at desse ikkje blei tekne inn att. Før skulle bedrifta «staa i 7 maaneder til», slo Poulsson kategorisk fast. Han fekk kravet oppfylt.

Sustad, Nielsen og andre aktivistar måtte såleis forlata Jørpeland. Som i 1917 gav dette Stålverket «en kjærkommen anledning til litt etter litt å supplere mancoen med ledig, lærelysten ung arbeidskraft fra omegnen». Så då produksjonen kom i gong att, var det på mange måtar ein ny og langt mindre opponerande arbeidsstokk som fekk sin daglege dont på Stålverket. Midt på 20-talet blei det til og med innleia eit organisert samarbeid mellom fagforeiningane og leiinga, noko som berre få år i førevegen hadde vore heilt utenkeleg.

I Jørpeland si industrihistorie framstår perioden frå 1916 til 1919/20 som ei tid med revolusjonære overtonar. Åra fram til krigsutbrotet i 1940 var i så måte mykje rolegare. Men heller ikkje i dette tidsspennet var lufta heilt spenningsfri. Generelt stod jo mellomkrigstida i klassekampens teikn, men mindre på Jørpeland og Stålverket enn elles i landet. Mykje kan forklarast med nedgangskonjunkturane som sette inn etter 1920. Men det faktum at bygdearbeidarane vart stålverksarbeidarar i langt større grad enn før, må for denne industristaden vera ei viktig tilleggsforklaring.

I motsetnad til Sauda og Odda, to nærliggande og samanliknbare industristader, har Jørpeland aldri seinare hatt nokon utprega og sterk arbeidarkultur. Heller ikkje har dei motkulturelle rørsleane, bortsett frå ein periode i mellomkrigstida, markert seg noko

særleg. Dette har sjølvsagt samanheng med fleire ting. Sikkert er det i alle fall at det dramatiske «møtet» mellom bygdekulturen og den framande og sosialistinspirerte fagarbeidarkulturen som toppa seg i lockouten, la viktige føringar for ettertida.

Med mindre skarpe kantar kunne også bygdearbeidarane melda seg inn i Jern og Metall, og såleis spela meir på lag enn det dei tidlegare hadde gjort. I kjølvatnet av det store oppgjeret i 1919, blei det utvikla nye sosiale, politiske og kulturelle rammer for samhandlinga mellom dei ulike befolkningselementa på Jørpeland. Den kristeleg farga lokalkulturen begynte på ein heilt annan måte enn før å svinga i takt med den «avideologiserte» arbeidarkulturen. Omskiftet førte også til at Jørpeland ikkje heilt blei tømd for svenskar. Såleis blei «Här stannar inte jag» til «Här stannar jag».

1. Denne artikkelen bygger på mi hovudoppgåve i historie, «Arbeidsprosessar og arbeidarpolitikk ved Stavanger Electro Staalverk A/S 1913 - 1931», Universitetet i Bergen, AHS Serie A, 1987-2.

Elles er jo standarverket Edvard Bulls, «Arbeidermiljø under det industrielle gjennombrudd», Universitetsforlaget, 1972.

Øivind Bjørnsons, «På klassekampens grunn» (1900-1920), Tiden Norsk Forlag, 1990, er også eit sentralt arbeid om den perioden.

M.t.p. vidare lesing kan eg óg tilrå, Trond Nordby, «Norsk nasjonalisme som historisk problem», Nytt Norsk Tidsskrift 1/1986.

2. Til utdjujing, sjå Lars Gaute Jøssang, Brest i den kommunale einskapen i 20-åra. Sørbygda som eigen kommune», «Strandhogg», 1/1985.

Lars Gaute Jøssang er født i 1957 på garden Jøssang noen kilometer frå Jørpeland. Han er historikar og arbeidar nå med norsk oljehistorie.

*Oldemor med to av døtrene sine ein søndag på Høyland kring 1.
verdenskrigen. Og svigersønnene – den eine er bykar, som alle ser.*



Klesplagga mellom oss

AV ASGJERD TAKSDAL

Noko av det forunderlege med klede er at dei knyter den biologiske lekamen til den sosiale funksjonen, dei bind saman det private og det offentlege.

(Elizabeth Wilson: Kledd i draumar. Det Norske Samlaget 1989)

Under takglaset på loftet i eit lite Ryfylke-hus stod det ei vogge som hadde stilna for uendeleg mange år sidan. No var ho lagerplass for andre ting med same status: Dei var ikkje aktuelle lenger. Kva vi *skulle* sjå etter, minnest eg ikke, men vi stod no der og rota, bestemor, tenestejenta, og så eg, som alltid drøymde om eventyrlege skattar under haugar av rot.

Og gamle klede var meir lovande enn det meste folk elles gøymde på.

Då drog bestemor opp eit forunderleg stykke undertøy, eit korsett med stive spiler tett i tett, med maljer og snøre, og polstra kanter med blondesaum. Ho heldt det saman framfor oss - «sjå kor tynn eg var. Dei kunne ta kring livet mitt med to hender, dersom dei var noko storvaksne, då.»

«Du kunne ikkje få på deg det der?» tvila tenestejenta.

«Nei, ikkje til kvardags, veit du. Me snørte oss om laurdagskvelden når me skulle på dans. Me måt-


te helst vera to i lag, til å strama snora, elles slo me snora rundt sengestolpen og drog til sjølv, men det var vanskelegare. Og så hekta me stakken oppå, med sprotta bak. Det var lomme inne i stakkesprotta, og dei gutane som likte oss, såg alltid eit snitt til å stikka ein godtepose nedi lommen.»

Dette andletet til bestemor hadde eg aldri sett før - og løgnare vart det: «Det hende eg fann fleire posar i stakkelommen då eg kom heim att om natta!»

Jenta såg ikkje ut som ho riktig trudde at den trillrunde bestemorkroppen nokon gong kunne ha vore på plass inni det sylsmale kneppkammerset. Men sjølv såg eg korkje då eller seinare nokon grunn til å tvila på at det måtte ha vore mykje smakeleg i dei godteposane - så lenge dei varde.

VISA OG DØLJA

Det spennande med klesplagg har alltid vore at dei



Temaet «jente møter gut» varer så mykje lengre i vår tid.

omskaper oss, signaliserer rollene vi spelar til ei kvar tid, avslører haldningane våre til kropp og funksjonar, og inviterer til det sosiale samspelet med andre som vi går inn og ut av ettersom tilhøva krev.

Ungdommen sine møteplasser har skift gjennom ti-åra og hundreåra. Måten å omgåst på har også skift utruleg. Men tiltrekkingskrafta, magnetismen som ordnar ungdom i stim mot kvarandre i dei aktuelle åra, den held seg. Den som kastar eit halvt auga på klesannonsane vi er omgjevne med, treng ikkje

vera skarp over gjennomsnittet for å sjå korleis moten flagrar hektisk med ny-nytt og gammalnytt for å tena saka: Tiltrekking mellom kjønna - og trangen til å avertera seg sjølv til ulike andre føremål. Det nye er kanskje at rollespela over temaet «jente møter gut» varer så mykje lenger i vår tid. Eller som vi likar å seia det - vi er ikkje eldre enn vi kjenner oss. Og vi kler oss så vi ikkje kjenner kor gamle vi er.

Formødrene og -fedrane våre hadde mykje strengare mønster å smøya seg inn i, også i klesvegen. Eldre kvinner - over tretti på bygda i Ryfylke, gifte folk dessmeir, kunne ikkje spjåka seg til med storblomstrete kjole i sterke fargar. Kleda måtte vera *samelege*, og det betydde avdempa, mørke i leten, enkle i fasongen så dei ikkje framheva kroppen - og ikkje gjekk av moten dei første ti-femten åra eller så.

Noko av det mest nedsetjande ei kvinne kunne seia om ei medsøster, var at ho kledde seg utfordrande, «akkurat som ho skulle vore skildra, så trangt var det.»

MED SPØT OG FORKLE

Så fann dei då også fram til andre møteplasser etter som åra gjekk. Møteplasser der andre kvalitetar enn vepsetalje avgjorde statusen. Dei møttest hjå kvarandre, slik vi aldri gjer lenger. Dei «gjekk med spøtet», dersom alt var vel. Sa dei at dei «gjekk og såg om Kari», så fortalde det at det stod dårleg til med henne. Kanskje det var ein avskil for alltid. «Besøk» var eit by-ord. Nei, konene på garden stakk nøsta i den romslege forklelomma og vandra i rimeleg spøteryte bortover til nabohuset og fekk seg ein prat og ein kaffidrope mens dei gjorde det dei skulle likevel. Sokken voks.



Det velsigna forkleet som signaliserte så trygt og godt kva for oppgåve du hadde i livet. Ca. 1953

Dei gjekk og spøtte når dei skulle ut og mjølka, og mannen bar bøttene. Vegen sneia framom bislagdørene og tuna ut etter garden, og det passa godt å seja seg nedpå steingarden og spøta i lag mens drøset gjekk - og mennene fekk lunk på pipa.

Derfor, og av mange andre grunnar, var forkleet eit basisplagg for kvinnene. Gamle fotografi viser folk i søndagspuss til heimebruk, der mennene sit i kvite skjorteermar og konene framleis dekker fram-sida med forkle, gjerne svart, rosete eller utsydd, brodert, til helgebruk.

Forkleet sparte søndagskleda. Litt matstell skulle dei vel bort i då og. Men forkleet dekkja også tilstandar som skulle løynast i det lengste. Å gå med barn var normalt for gifte kvinner i ganske lange periodar av livet. Men likevel skulle det helst ikkje snakkast om. Ordet *gravid* var for klinisk, for grovt, og dei fann mange omskrivingar: Venta smått, venta seg, gå på fallande føter, koma i sengekråa, vera slik stelt, vera gale stelt, og så vidare. Men når forvitne koner i andre grender skulle fretta ut korleis det stod til der ein kom frå, spurde dei gjerne underfundig om stakken tippa opp framme på nokon av kvinnfolka.

Det fortel også at mammaklede-industrien ikkje var oppstarta. Vidare fortel det at synleg fruktsommelege kvinner var fjerna frå alle offentlege møteplasser. Nokon kvar av oss vel vaksne kan ha opplevd det same: Besøk i huset, og mor med stor mage og forkledet på spil over. Du sjølv som liten jentunge vart send inn i stova med koppar og knivar, smør og mat, og kaffikjelen som mor gjorde ferdig på komfyren. Inn for å sjå etter om det trongst påfyll. Mor sin mage kunne ikkje visast fram - og ingen klede i verda kunne kamuflera den.

No går vi som bestemødre på badestranda, der våre mødre aldri sette sin fot, og ser toppause ung-



Andre klesplagg som viste anstendig konestatus når kjerringane ga seg i veg ut or huset, var golfjakken.

jenter med ei bikinistripe under den struttande, solbrune magen - og forstår at vi har vore gjennom ei nærast ufatteleg verdi-ending frå stygt til fint. Som påkledinga og avkledinga viser.

Og forkledet er vorte fritidsplagg for herren i huset som forrettande yppersteprest ved grillfestar.

DEN VELSIGNA GOLFJAKKEN

Andre klesplagg som viste anstendig konestatus når kjerringane ga seg i veg ut or huset, var golfjakken.

På krambua, i foreninga, på søndagsrusletur til kyrkjegarden. Det var eit livdaplagg mot trekk og råkulde, men også ei oppgradering av kvardagsantrekket som signaliserte at ein rekna med å treffa folk der ein skulle. Golfjakken var velsigna grei til å kamuflera småmanglar med, sveitteflekkar under ermen, bøtte albogar eller manglande knappar. Og så dulde han kjolelivet som stod på spel og magebreidda som kunne tronge ein vask. Han var og av det samelege slaget, i snitt og farge.

I tretti-åra var vestastakken framleis eit greit kvardagsplagg for både vaksne kvinner og små jenter. Det var stakk med fast påsydd ermelaust liv, slik at ein kunne variera med bluse eller genser inni. I mitt minne var det særleg vi jentungane som vart iførte vestastakk til skulebruk og søndags, men også dei eldre kvinnene gjekk med vestastakk til kvardags. Utruleg praktisk bruksplagg når ullvasken var så tungvint som han var. Men vestastakken var også bestekjolen sitt neste liv - når ermane var utslitne mens det endå var bruksverdi att i resten av plagget.

Det er ikkje vanskeleg å sjå tradisjonslinja bakover til den obligatoriske stakk- og livmoten.

BESTEKLEDE - SØNDAGSKLEDE - SKULEKLEDE - KVARDAGSKLEDE

Det ser ut som ei elling eller ei spå-ramse: Prest - prost - fillefant - fut! Men det var kleda sine normale aldringssteg, den trinnvise degraderinga frå den første, forventningsfulle framvisinga med lovord og misunning, så sant alt gjekk vel, gjennom normaliseringa, slitasjen, etterglansen av stordomstida, til dei enda som plagg du kunne skjula deg i til kvardags, så lenge det endå var nokre vask att i dei. Og det beste dei då hadde i vente, var å enda som striper av meir og mindre søte minne i filledekka på golvet. Ikkje rart at «Hovmod står for fall» vart eitt av dei vel innøvde ordtaka. Saman med «Ingen kjenner dagen ...»

Eg har ått ei flat øskje med besteklede i ein gong. Eg var seks år og sov i kvit sprinkelseng, med øskja under senga. Der låg silkekjolen med korte puff-ermer og kappeskjørt innpakka i kvitt papir. Kvitt silkeunderbukse med strikk oppe og nede. Lange kvite kjøpestrømper med knappar til å kneppa livstykket på. Svarte lakkskor - og lyseraud hårløyfe. Eg pak-



Gutar i «stubby-stakk». Dette var vanleg klesplagg for begge kjønn til i 3 - 4 års alderen.

ka det ut og såg på det stundom, men det var aldri snakk om å bruka stasen anna enn til syttande mai, juletreffest og konfirmasjonsselskap. Dermed var det



Matrosdresen var ei dryg grunninvestering, men lønsam på lengre sikt.

bestekleda mine i mange år, frå lakkskoa omtrent slong sine eigne vegar med bomull i tåsnutane og til tærne jamra av plassmangel. Frå kappeskjørtet hang godt nedpå dei kvite strømpeleggene til det vart for-



Gutane gjekk i knebukse og trøye så lenge dei var ukonfirmerte.

bode av omsyn til det sømelege då det ikkje lenger dekkja den kvite med strikk oppe og nede. Eg minnest enno sorga. Sjølvsaft slutta eg ikkje å gå på juletefest for det. Ein stilte med ny kjole og ny hjar-

tebank i årevis. Men dei eigentlege bestekleda frå barndomen låg i ei flat øskje under ei kvit sprinkelseng. Sidan kom erstatningane.

Kanskje kappekjolen vart søndagssommarkjole etterpå. Men han må ha vore for frivol til å gå på skulen i. Skuleplagga var enklare og greiare, og det påverka nok valet av besteklede og, seinare. Dei måtte kunna slitast ut - på sømeleg vis.

Gutane gjekk i kortbukse og skjorte og genser - eller nikkers i tretti-åra. Tversoversløyfe og slips til fest, og skyggelue som kravde eit minstemål av folkeskikk med helsing når dei trefte folk, steig inn i hus og slikt. Men aldri i livet ei langbukse på ukonfirmerte.

Bortsett frå den som hørde til matrosdressen - ei dryg grunninvestering, men lønsamt på lenger sikt. Ikkje berre det at slike maskuline yrkesplagg styrkte samhaldet store og små menn i mellom, det var svært å visa fram ein liten sonemann som såg ut til å kunna bli noko gromt i verda. Men overdelen var utruleg fleksibel og kunne arvast opp og ned gjennom årsklassane, og ingenting var enklare enn å sy nye matrosbukser av faren sine med utsliten bak. Og eit festplagg var det, med kvite snorer og pipte i brystlomma - til almenn fortvilning for armingen som skulle stå for dei meir høgtidsame innslaga på juletreffesten.

EIN TIMES GANGE ELLER SÅ -?

Å gå på skulen betydde noko særskilt når du traska avgarde på treskor nokre kilometer. Mange gjorde for det meste det. Men utover i trettiåra vart gummi-støvlar - vannstøvlar - eit statusplagg. Dei kosta pengar, det avgjorde saka. Mor formante meg ein gong eg for altfor uvøre i veg med det nye

paret:»Tenk på at han far må arbeida halvannen dag for at du skal få nye.»

Kor lenge tenestejenta vår hadde arbeidd før ho kunne gå på Kristna-krambua og få sitt par med skinnande blanke vannstøvlar, veit eg ikkje. Halve månaden kanskje? I alle fall vart dei debut-framførte til sommarkjole på dans i Alsvikkrossen, og det næraste dei kom nedbør den helga, må ha vore morgondogga på heimvegen.

Det andre statussymbolet i skostellet var «tøy-skoa» - Dei var kvite og måtte setjast opp med zinkkvitt utrørt i vatn til helga. Etter ein lang vinter og blaut vår på beksaum, treskor og - i beste fall - tette vannstøvlar, var det ein ubeskriveleg lette å få tøy-skor på beina. Det var som du letta frå bakken, du sprang og sprang og trudde at aldri meir kunne føtene trøytna.

Dei kosta og pengar, og me visste det. Det meste kosta.

Men besteskor, lakkskor med knappar på, det var eventyret. Eit av mine første stikk av sosialt samvit er knytte til eit par nye lakkskor. Eg fekk ikkje lov å laga den festforestillinga eg hadde planlagt for å visa dei fram, fordi dei eg hadde tiltenkt rolla som måpande publikum, ikkje hadde råd til nye skor. Det var så mange føter og i det huset. Det har vore ein lærdom ein kanskje ikkje har hatt vit til å takka skikkeleg for.

Uversklede var det god bruk for, haust og vår, men slett ikkje alle hadde oljeklede til vern når det stridregna på tvers. Skulen lukta annleis om vinteren enn sommarstid. På snorene over omnen hang tjukke ullgensarar og trøyer og draup så det freste, og på zinkplata under stod surklende beksaumar og eima. Vi hadde alltid bibelhistorie i første timen, og det har sikkert medverka til den geografiske forvirringa

mellom lokalitetane at det lukta så stramt av vått Vestlandsver når Raudehavet slo saman bak jødefolket på vandring.

Krigsåra sette kjøpekrafta meir eller mindre ut av funksjon. Det var ikkje stort å få kjøpt. Med vanleg livskraftig tilpassing la moten opp til *heimeproduerte* siste skrik, det vi alle måtte ha var heimestrikka fanakofter, broderte Per Gynt-jakkar, og mønsterstrikkas knesokkar med like raggsokkar til å bretta over beksaumane. Dei som hadde hatt lite å kjøpa for, stilte med stort forsprang. Dei strikka og sydde og kom på skulen med moteplagga varme or nevane, før vi andre hadde kome så langt at vi skjønnte kva som måtte til. Alltid i bakleksa der, då dei som var flinke med hendene hadde si stordomstid. Men på basar vinteren 1942 var det uråd å koma utan sjølvstrikkas knesokkar. Dei fingerflinke sat på divanen med sine flettemønstra rett ut på golvet framfor seg og venta til eg fekk fest avfellingstråden på siste tåa og kunne bli med. Men det var tydeleg for all verda at eg hadde gjort dei for korte for å bli ferdig til basarkvelden, og mønstret var forsmedeleg enkelt: Fem rette og ein vrang.

Skuleklede og skuleskor - dei hadde og sin oppbevaringsplass i huset. For ingen måtte gå ut etter maten med skuleklede på. Og etterkvart som vi vart store nok til å sjå noko av kavet bak maten og kleda våre, kom det vesle urolege husmorstikket i magen dersom mor ein mandagsmorgon sa oppgitt: »Jaja, du får ta søndagsklede i dag.» Då var noko ute av kontroll.

DEI STYRANDE OG RÅDANDE

Mannfolka kunne godt møtast på krambua i arbeidskleda sine, blåbukse og blåtrøye, det som heiter dongeri i våre dagar. Men dei reiste ikkje i banken

eller til lensmann eller dokter slik. Då hadde dei dressbukse og trøye - nedgraderte besteklede. Slik gjekk dei og på samlingar og bedehusmøte. Med rein skjorte, om ho ikkje akkurat var kvit. Mørkdressen var til best, til gravferd, kyrkjebruk, og til offentlege oppdrag. Når bestefar tok ut til Strand på heradstyremøte, bar han full mundur: Svartdressen, svart hatt, nypussa sjevrå-støvlar, og så heradstyreparaplyen. Det låg alvor over førebuinga, der han hekta brynereima til barberkniven fast i vindaugshaspa og strauk bladet blått. Han småmulla saksutgreiingar mens han såpa seg inn. No var barbering midt i veka eit krisetiltak i seg sjølv. Men det hende han var så alterert eller rett og slett opphissa at han skar blodsprutande flengjer i dobbelthaka.

På gamle utandørs fotografi ber dei fleste mannfolka lue. Med litt personkjennskap finn ein kanskje ut at det er læraren som står der med hatt. Og kanskje ein eller to av dei eldste og mest ærverdige. Frå skulegutar og oppover har dei luer, Rennesøy-utgåva eller rutete sixpence.

BYFOLK I HUSET

Eit unntak er bileta som vart tekne når byfolka hadde innteke husa og hagen, og dei innfødde som melombels hadde flytt i eldhuset eller kjellaren vart bedne med på utandørs søndagskaffi. Bymennene ser ut til å bruka hatt utan omsyn til alder og ære. Der *han sjølv* slengjer seg i graset i søndagskjorta og den utklassa dressbuksa, sit bymennene fullt påkledde i dress og slips. Gardakona har sin vanlege stakk med kvitt liv til, mens bykonene har kjole og oppsett hår. I bakgrunnen sit den veslevaksne dottera på garden med kaffikopp på fanget. Ho er fødd hausten 1900, så biletet må vera frå før første verdskrigen.



Dei eldste og mest erverdige bar hatt

PLAGGSTAND OG HATTSTAND

Dei eldre kvinnene viste seg oftast ikkje berrhovda. Dei bar plagg, svart til søndags og beste-bruk, kvitt eller kulørt til kvardags. Kvinner frå jamne forhold på landsbygda brukte ikkje hatt før første verdskrigen, og nett hovudplagget ser ut til å ha vore eit sterkt standssymbol. Døtrene som flytte til byen og fekk seg utdanning eller vart fru, skaffa seg hatt. Mødrene heldt på det svarte silkeplagget, lenge utover tjue- og trettitalet.

Eg har eit slikt silkeplagg i mi eige, etter ei far-

mor som heldt på sin stand og ikkje skulle vita av noko by-jåleskap. Ho døydde i 1963, og forsikra til sin døyande dag at hatt hadde ho aldri sett på sitt hovud. Døtrene mulla om at dei hadde som eit minne - var det ikkje ein stråhatt med blomar på?

Ikkje tale om. Ho vart brysk når dei nemnde det.

Men her eit år kom det ut eit lite hefte med bilete frå Strand i gamle dagar. I mai 1914 var heile sokna samla i Strand kyrkje til minnegudsteneste, og forsamlinga er fotografert. Dei sit ordna som skikken var: Mennene på høgre sida av skipet, kvinnene på

venstre. Med eit prangande unntak: Langt framme på mannssida sit det eit kvinnemenneske ved sida av mannen sin, iført ein kvernstein av ein stråhatt. Der tener hatten eit kvinnepolitisk føremål, han er ei fane for henne som først for eit år sidan hadde fått stemmerett.



Døtrene som flytte til byen og fekk seg utdanning eller vart fruer, skaffa seg hatt.

YTTERPLAGG

På biletet av ei gravferd på Selvåg på Fogn midt i 30-åra sit alle kvinnene i mørke kåper og med hatt. Det sit tre sørgjande søstrer kring kista. Ingen kan sjå på biletet der kven av dei tre som er bakarfrue frå Pedersgata og kven som er gardakoner frå Strandalandet. Skilnaden mellom by og land er i ferd med å forsvinna, i høgtidskleda. Men det er først i vår eiga tid at gardakoner og kontordamer og byfruer - om nokon enno gjer krav på ein slik yrkes- eller standstittel- ikkje lenger er til å skilja frå kvarandre i klesvegen.

Mannfolka hadde sjeldan frakk, same kor kaldt det var. Berre nokre få sit med frakk på gravferdsbiletet. Trøya var ytreplagg.

Heime på garden gjekk kvinnfolka gjerne med strikka snippsjal over kjolelivet, snippene krosslagde over brystet og knytte bak på ryggen. Var det bikkjekaldt, kunne dei slengja eit vove ullsjal over akslene, eit diagonalbretta pledd gjorde nytta.

Men til bytur og høgtidsame høve trong dei kåpe. Jentene som reiste ut og gjekk på skule eller fekk seg arbeid, gjekk med kåpe. Og portrett av klassevenner frå lærarskulen sist på 1890-talet viser emansiperte unge kvinner med drakt og drusne skinke-erne, til hatt og kanskje lorgnettar.

BUKSEDAMER OG BADEDRAKT

Då byfolk vart evakuerte i 1940, fekk vi strandpysjamasane og rhumbabuksene og shorts og solliv innpå livet. Vi sydde og hekla og strikka oss badedraktar og bada i lag med dei. Lærte å symja, gav blaffen i gutekvelpane som hadde gjort krav på dei beste badeplassene. Det står vel heller ikkje til å nekta at vi kanskje spekulerte litt i den nye oppvisingssцена



På biletet av ei gravferd på Slevåg på Fogn i 1936 sit alle kvinne i mørke kåper og med hatt.

vi hadde lagt under oss, og i våre heimestrikka todelte.

Men vintersporten var ein plagedom. For ein ting var å hiva av oss lette sommarplagg og kasta oss i vatnet når både me og omgivnadene trong nedkjøling. Noko heilt anna og mykje meir omfattande var å få tak i varme klede som ikkje gjorde det til ei helsespille å sveiva rundt på stokkaskeisene på isen

med 20 kuldegrader under stakken. Eller å hiva seg på tønnestav-skia eller fara på kjelke nedetter hálke-reinane så den fortærande stakken stod som ein fall-skjerm over hovudet og snøspruten hadde fritt leide. Vi kunne vel alltid ha funne oss ei utsliten mannfolkbukse og fjerna gylfen - dersom det hadde vore godteke. Men jente i mannfolkbukse - det var berre toleleg i potetoptaket når vi låg og kraup i åkeren



*Portrettet av klassevenner frå lærarskulen sist på 1890-talet viser emansiperte unge kvinner med drakt og drusne skinke-
erme.*

og handplukka jordeple. Sjølv då hadde dei eldre kvinnene berre sekkebreidd til vern.

Nei, kle seg i bukse for å halda varmen og fara og skreva som eit mannfolk berre for løye - å, ikkje vis-
sare. Sjølv var eg femten år og skulle på skidag på

realskulen før eg fekk *lånt* ei sid og romsleg skibukse for å gjennomføra vågespelet. Omtrent samstundes fekk ei yngre jente mor si til å sy skibukse til kvardagsbruk - av helsegrunnar. Ho må ha vore ei motig lita fjør.

HUD OG HÅR

På den tida - i 1940-åra, var nok dei fleste jentene kortklipte, og dei unge vaksne kosta på seg permanent. Men det hadde ikkje gått like fredeleg for seg i alle heimar. Vaksne gifte kvinner hadde langt, opprulla eller fletta hår i dult, enno eit ti-år. Dei heldt seg til gamal folkeskikk: Jentungane gjekk med håret i fletter nedover ryggen så lenge dei var ukonfirmerte. Men til konfirmasjonen måtte dei setja håret opp - samstundes med at dei fekk lang stakk.

Det er rimeleg å tru at byfolka sitt langtidsopp-
hald på bygda endra haldningane litt. Men håret har til alle tider vore eit sterkt erotisk symbol - slik plaggsykkjen understrekar, og at vaksne kvinner aldri viste seg med utslege hår for andre enn ekte-
mannen.

Frå erotisk symbol til religiøst tabu er ikkje vegen lang, og skikkelege, truande kvinner korkje klipte eller krølla seg.

Midt i 40-åra vart det tilsett ei ny lærarinne ein stad på våre kantar. Tilsetjingsnemnda hadde høyr-
t seg føre og slått fast at ho dreiv søndagsskule der ho kom frå. Alt skulle vera i bra stand. Dei mest forvit-
ne stod ytst i sjøhusdøra og glåpte då ho kom av dampen - og fekk eit sjokk så dei heldt på å tumla over kaikanten: Ho kom stigande over landgangen med kortklipt hår som stod rett til vers av ny perma-
nent. Det stemte ikkje med mønsteret.

Det velsigna mennesket kom og vann, og gjorde

mykje til å løysa ei personleg religiøs tru frå ytre framtoning. Det vart ikkje så enkelt å dømme over tru og liv lenger.

Sjølv lurte eg meg til å kjøpa ein boks talkum for sparepengane mine ein gong. Det lukta så forførande godt - og det var vel ikkje tilrådeleg for ein jentunge. Eg fekk ei dugleg preik. Like sterkt var det å få gjennomslag for å bruka Nivea-krem over kviser og styggedom. Heldt ein på å bli pyntesjuk? Kva slag byjålekrapyl skulle det bli av ein då?

No blir ingen forundra lenger om kona på nabo-

garden tek seg ein ekstra time i byen og lærer å sminka seg - «colour me beautiful». Og ho kan truleg gå til alters i dongeribuksa si.

Men ingen skal koma og tru at klede og hår derfor ikkje *signaliserer* lenger, kven vi er, kva vi står for, på *våre* møteplasser.

Asgjerd Taksdal er født i Strand i 1930. Ho er utdanna lærar og har tidlegare arbeidd som museumspedagog ved Stavanger Museum. Nå er ho kulturvernleiar og dagleg leiar av pedagogisk senter i Time kommune.

Ikkje få gamle ungdomshus i Ryfylke har lengst og rikast tradisjon som tilhaldsstad for dansearrangement. Dette bildet er tatt utanfor Fister ungdomshus i 1930-åra. Dei som er med på bildet er frå venstre: Jakob Meland, Eli og Aolinus Øvrebø. Bildet er utlånt av Tormod Meland.



Vi møttest på dans!

AV NJÅL TJELTVEIT

Dansen har ført mange menneske saman. Gjennom skiftande tider har ulike former for dansearrangement av formell og uformell karakter vore viktige møtestader for ungdom. Dansemusikken har forandra seg, og endra kommunikasjonsvilkår gjer det lettare å møtast frå større geografiske område enn før. Danseplassar og lokale er «moderniserte». Men dansen som samværsform har alltid hatt ei dragande makt. Dans har med rytme og liv å gjera, men ikkje minst tel det erotiske elementet. I dansen møttest jente og gut i nært «samarbeid». Dans har med viktige menneskelege drivkrefter å gjera.

Vi skal slå følgje med ei ung jente frå Rennesøy som førebur seg til å dra på dans. Året er 1935, og vi kallar jenta Anna. Onnearbeidet er slutt for dagen, og Anna har snakka med andre jamaldringar. Dei veit det er samling og dans i vegkrysset. Den vanlege trekkspelaren frå bygda skal syta for musikk. Anna hentar fram den kvite sommarkjolen og dei kvite skorne. Krølltonga blir varmd for gjera si vanlege nytte når håret skal stellast. Både gitar og jenter pyntar seg i finstas når dei skal møtast til dans. Anna ser for seg gutane, kledde i blådress og slips. Tru kven som kjem til å følgja henne heim i kveld! Klokka kan bli både 2 og 3 på morgonsida før ho kryp i seng.

Ho nynnar ein valsemelodi medan ho svingar krølltonga og passar på at håret ligg så fint som ho berre kan. Det er ikkje lange vegen å gå bort til dei andre. Ho kjenner dei som kjem, for dei er frå bygda hennar alle.

Vi flytter oss nokre år fram i tid og treffer på Øystein. Året heiter 1960. Øystein bur i Strand. Han er 18 år. Det er laurdagskveld, og Øystein førebur seg til å reisa på dans i Årdal. Han hentar fram finklede; kvitskjorte, bukse, jakke og slips. Før han fer heimanfrå, klemmer han ein kvit makk or Brylkremtuba og kjemmer seg.

Øystein har avtale med fleire jamaldringar. Dei møttest på Tau og skal følgja buss til Årdal. Busselskapet kjører faste ruter til laurdagsdansane på ungdomshuset i Årdal. Der møttest ungdom frå bygdene i Hjelmeland prestegjeld, og strandbuen fyller ofte ein buss. Det kan bli temmeleg trongt i det vesle ungdomshuset, men mange heldt seg like utanfor huset som inne i danselokalet. Dei som spelar, kallar seg Staurlands trio. Leiaren bur i Årdalsområdet, dei to andre kjem med båten frå Stavanger. Øystein dansar lite, men laurdagsdanser er einaste staden å tref-

fa jamaldringar når han ikkje høyrer til i bedehusmiljøet.

Øystein leitar etter lommeboka for å ha busspengar og kroner nok til inngangsbillett før han høyrer ytterdøra smella att bak seg. Det blir sikkert ein livat kveld.

GRENDESAMLING

Dans som samværsform har alltid vore knytt til fritid og tidtrøyte. I eldre tid møttest ungdom frå grend og grannelag til dans i stovene, på låven eller i eit vegkryss. Det gamle bondesamfunnet baud på lange og strevsamme arbeidsdagar, og kvar bygd var eit samfunn der folk til vanleg heldt seg både i arbeid og fritid. Bygder og grender i Ryfylke låg ofte langt frå kvarandre, og det var ikkje så lett å ferdast lange vegar til andre bygder på land eller sjø.

Før forsamlingshusa kom, blei det dansa mest om søndagskveldane. Laurdagane kunne det bli seint før arbeidsdagen tok slutt, og natta til søndag hadde nattefrieri innarbeidd tradisjon. Dansen høyrde ungdom og ugifte til. Gifte gjekk ikkje på dans. Dette blir m.a. stadfesta av Pål Bakka frå Suldal: «Dei som var gifte gjekk ikkje på dans, men det hende dei tok seg ein svingom når det var dans i deira eigne stover. Eg veit at far og mor dansa springar heime hos oss.» (Suldal kultursoge, s. 404).

Bakka fortel vidare at det var vanleg å dansa i stovene kringom i kverven. Her møttest ungdom i grenda til sosialt fellesskap. Dansen førte folk saman. Ungdomslaget fekk nytta skulen til lagsmøte, men der kunne dei ikkje dansa.

I kvar bygd fanst det faste plassar der ungdommen svinga seg. Det var ikkje vanleg å dra lange vegar til andre bygder om søndagskveldane. Det budde mykje ungdom på bygdene, derfor var det

ikkje vanskeleg å skapa eit dansemiljø i vegkryss eller på andre faste møtestader. Morten Borgenvik (1904 - 1978) fortel om dans i vegkryss på Nedstrand: «Om søndagskvelden sommarstid rak ungdommane i flokkar langs bygdevegen. På «Kjosen» (Klungtveit) samlast dei som oftast, og her var det dans. Mange skosolar vart nok utslitne her. Kolbein Smørdal spela trekkspel til dansen. Det var også dans i Leirangerkrossen, og her møttest ungdomane frå tre bygdelag: Espevik, Neset og Muslandsvåg». (Rogaland i nær fortid, s. 279).

Ei dame frå Årdal (f. 1901) fortel at i hennar ungdom møttest dei til dans fleire stader i bygda. Vegkryss blei brukte, området ved Mæle-brua var ein annan samlingsplass. Leikeområdet ved skulen gjorde og teneste som danseplass. Der sat jentene i rekke på steingarden og venta på at gutane skulle by dei opp. Dansing ute høyrde den lyse årstida til. Elles på året fekk ungdommane låna eit hus på Mæle til å dansa i. Det blei ikkje offentleg kunngjort kor det skulle vera dans, men ryktet gjekk.

Til dansesamlingane kring 1920 møttest ungdom frå heile Årdal. Det var vanleg å dansa om søndagskveldane etter mjølketid. Informanten vår budde på ein avsides gard ved Øvre Tysdalsvatn. Ho og søsken rodde over vatnet og tok seg nedover i bygda. Sykkel var eit nyttig transportmiddel på den tid, og gutane baud skyss på stonga. Dansen hadde ein viktig sosial funksjon, det var her storparten av ungdommen i bygda samlast. Jenter og gutar kraup or arbeidskleda og pynta seg når dei skulle på dans. Elles i veka var det ikkje så lett å treffast. Då dominerte arbeidspliktene. Informanten vår minnest at ho sommarstid tok på seg finkulørt, roset kjole, og håret låg fletta og velstelt.

Frå Fogn opplyser ei dame (f. 1926) at der var det



«Det var alltid einkvan som kunne litt på eit trekkspel.» Her er det dans på fjellet. Spelemannen er Ola Sandvik, så kjem Klara Barnevik, Arne Mosnes, Oddvar Meland, ein ukjend, Magnus Barnevik, Synnøve Øvrebø, Jostein Meland og ein ukjend. Bildet er tatt på Sandsa i 1946 og er utlånt av Arne Mosnes.

vanleg for ungdommen frå øya samlast til dans. På 17. mai og andre spesielle dagar hende det at ungdommen drog til andre stader i distriktet med motorbåt eller skøyte. Ungom frå Sørbø på Rennesøy dansa i vegkrysset på Sørbø på laurdagar og søndagar, opplyser ei dame derfrå (f. 1922). Det var og vanleg å dansa på ein låve. Lenger sør på øya var det ung-

domshus (Østhusvik). Men ungjentene drog ikkje så lett dit. Det var mest naturleg å møtast i heimegrenda. Om haustane hende det at ungdom kom roande over fjorden frå Utstein Kloster. Det var alltid spennande når det kom gitar frå andre stader. Av og til drog ungdom frå Sørbø til Mosterøy på dans, men det hende ikkje ofte.

Dei eldste informantane har minne etter at det blei brukt fele til å skapa dansemusikk, men trekk-spelet dominerte i bygd etter bygd. Då grammofo-nen kom, blei det enklare med musikk. Munnspe-l var og nytta. Ut over i mellomkrigsåra var det van-leg å bruka eitt instrument på dei uformelle danse-samkomene kringom i bygdene i Ryfylke. Orkester-musikk kom seinare.

Dei tradisjonelle dansane var vals, reinlendar og masurka. Tango kom til, og foxtrott. Swing var ikkje vanleg. Fleire fortel at folk som var gifte, gjekk ikkje på dans. Dansemoroa var for unge, ugifte og slike som ikkje var gifte, men hadde passert ungdomsåra. Gjennom dansen fekk dei unge kontakt med det andre kjønn, miljøet kring dansen hadde atmosfære av glede og avkopling frå kvardagsplikte-ne. Likevel bar mange på ei kjensle av at dans var synd. Dei visste at dei dreiv på med noko som mange i lokalmiljøet såg på med skepsis.

UNGDOMSHUSA ENDRA SAMVÆRS-KULTUREN

Etter 1900 kom det ei aktiv tid med bygging av for-samlingshus i store og små bygder. I Ryfylke reiste entusiastiske bydefolk både ungdomshus, bedehus og losjehus. Folkets Hus fekk berre industristadene Sauda og Jørpeland då desse voks fram frå kring 1915 og ut over.

Bak forsamlingshusa stod ulike organisasjonar. Husa førte inn nye fest- og samværsskikkar. Dei var ein ideologisk reiskap for ulike folkerørslar. Bede-husmiljøet fordømde dans og arbeidde for at dei unge skulle omvenda seg og ha bedehuset og kultur-innhaldet der som sitt nye miljø. I losjen på Hjelmel-

land var folkeviseleik ein sentral aktivitet, men runddans fanst det forbod mot. Ein songleik («Du sundagskveld») med valsesteg der gut og jente heldt kring kvarandre blei godkjend av losjeleiarar på spe-siell dispensasjon, fortel ein aktiv losjedeltakar fødd i 1914. Dans hørde ikkje til i losjemiljøet.

Der det blei drive aktivt frilyndt ungdomsarbeid var ungdomshuset samlingsstad for faste lagsmøte om søndagskveldane med foredrag, opplesing, ord-skifte, handskrive blad og lek. Dans stod ikkje som fast programpost på lagsmøta. Dans hørde til som siste programpost når det var fest nyttår, 17. mai, på haustfestar og andre tradisjonelle festar med variert program.

I veldrivne ungdomslag med langarig tilknytning til landssamskipnaden Noregs Ungdomslag var det forbod mot vanleg dans (runddans) på lagsmøta. Folkeviseleik og turdansar hadde ein annan status og var sedde på finslegare og meir kulturelt enn den vanlege runddans. Mange lagsleiarar hevda at i ungdomslag der dansen fekk overtaket, blei det akti-ve lagsarbeidet fort borte. Noko rett var det i det. Ungdomslag som vanta dugande leiarar med sans for å driva variert aktivitet, hadde lett for å «dansa seg i hel.»

I Årdal gjekk det lang tid før bygda greidde reise ungdomshus. Det frilyndte ungdomslaget fekk halda til i veslestova på bedehuset med lagsmøta sine. Her var det variert program. Men lysta til å dansa gjorde at ungdommen visste å ordna seg: «Etter at dei van-lege ungdomsmøte var slutt sundagskveldane, samla dei seg på ei utmark og tok seg ein svingom. Det var alltid einkvan som kunne litt på eit trekkspel.» (Marie Jordal i Livsminne s. 14).

I krigsåra kom det forbod mot offentlig dans. Nazistytet såg på samlingane av ungdom som noko

dei ønskte å hindra. Men dei unge lurte seg til å dansa ulovleg. Trongen til å samlast for å dansa greidde ikkje framandstyret å hindra.

Lagsaktivitetane som var knytte til ungdomshusa, kunne mange stader gå i bølgedalar. Dette galdt både før og etter andre verdskrigen. Mange stader fekk dansen overtaket, og ungdomshusa hadde sin viktigaste funksjon i å vera danselokale. Ikkje få gamle ungdomshus i Ryfylke har lengst og rikast tradisjon som tilhaldsstad for dansearrangement. Dansen har og gitt mange ungdomshus dårleg rykte. Ikkje alle tykte om laurdagsdansane og miljøet der. Det følgde mykje lauslivnad med laurdagsdansane.

DANS PÅ LOKALET

Frå 1950 og utetter minka det med ungdom på bygdene i Ryfylke. Den såkalla flukta frå landsbygda gjorde seg gjeldande i bygd etter bygd. Dei unge søkte til større stader for å leita etter ei trygg framtid gjennom utdanning og i nye yrke. Dette skapte eit magrare sosialt fellesskap for å driva både tradisjonelt ungdomslagsarbeid og få til uformelle dansesamkomer på same måte som i mellomkrigstida. Men samværskulturen endra seg av andre grunnar og. Dette skuldast hovudsakleg bilen. Vegnettet blei og utbygt, og mange bygder kom nærare kvarandre.

Etter den andre verdskrigen var det ikkje vanleg å møtast til dans på søndagane. Laurdagen blei no den store dansedagen der ungdom reiste med drosjebil eller buss til grannebygdene, dersom det ikkje var dans i deira heimbygd. Øybuane drog med motorbåtar til nære og fjernare øyar. Etter krigen kunne det henda at ungdom møttest for å dansa på kaiane sommarstid, i naust eller ungdomshus utan at det var kunngjort noko arrangement. Samlingane hadde uformell karakter. Sveivegrammofonen sytte for

musikk. Med ved sida av uformelle dansetreff dominerte dei offisielle arrangementa på ungdomshusa og i andre lokale som t.d. Folkets Hus der slike lokale fanst.

Frå Sjernarøy opplyser ein informant (f. 1934) at det den første tida etter krigen var mest vanleg at ungdom frå ulike øyar i Sjernarøy møttest når det var dans. Seinare blei det vanleg å dra til Finnøy. Heile tida var det private motorbåtar som blei brukte til transporten. Det kom og ungdom frå Finnøy til dans på ungdomshuset i Aubøundet. Av og til kunne det henda at ungdom frå Sjernarøy drog sjøvegen til Nedstrand og Jelsa.

Dei som dreiv med drosjekjøring dei første tjue åra etter den andre verdskrigen, hadde det travelt på laurdagskveldane og tente godt på mange turar til og frå danselokala. I Strand blei det sett opp buss til dansar i Årdal og andre stader i Hjelmeland. Det budde mykje ungdom i Strand, noko som gav grunnlag for kollektive transportordningar.

Bak laurdagsdansane stod formelle arrangørar. Mange tradisjonsrike ungdomslag dreiv ikkje annan aktivitet enn å skipa til dans. Det måtte leigast orkester, ordnast med kunngjering, ordnast til i lokalet og skaffast vakter. Dansen gjekk over frå å vera meir uformell aktivitet til å bli eit formelt arrangement der det kosta pengar å vera deltakar.

Kravet til dansemusikken auka. No nytta det ikkje med ein lokal trekkspelar eller sveivegrammofon. Det dukka opp orkester med folk frå lokalmiljøet, frå Stavanger og andre stader. I mange mindre Ryfylke-bygder fanst det ikje orkester; derfor laut spelemennene hentast frå Stavanger når bygdetrekkspelaren ikkje dugde lenger. Trekkspel, gitar og slagverk var ei samansetjing mange orkester brukte. Spelemennene skulle ha betaling for jobben, og

timebetalinga var høgare enn for det meste av anna arbeid. Derfor måtte arrangørane vurdera laurdagsdansane ut frå forretningsmessige omsyn. Det var ikkje berre trivselsaspektet som talde. Var overskotet stort, blei dansen gjerne karakterisert som vellykka av tilskiparane.

Orkestera baud på eit noko anna repertoar enn lokale trekkspelarar frå mellomkrigsåra. Gamle dansar som springar og halling må vi langt tilbake for å finna brukt i Ryfylke når ungdom samlast for å dansa. Lengst levde nok desse dansane i Suldal. Vals, reinlender og andre dansar som vi gjerne kallar for gammaldans laut frå 1950-talet og utover for alvor vika plassen for swing, tango og andre moderne dansar. Men det var tale om ein glidande overgang. Valsen blei ikkje heilt borte. Sidan kom rock og twist. Også ungdom i Ryfylke følgde motane på dansegolvet. Grammofonindustrien og radiopresentasjon gjorde sitt til at same musikken var omtykt blant ungdom i Ryfylke som elles i landet. I seinare år har gammaldans komme meir i bruk att. Men no er det meir vanleg enn før at gifte og godt vaksne menneske treffest for å dansa på gammaldanskveldar, vaksentreff o.l. Dette høyrer dei siste 20 år til.

Når større mengder ungdom frå fleire bygder og kommunar samlast til dans om laurdagskveldane, auka alkoholbruken, og miljøet kunne vera nokså alkoholisert. Alkoholfrie var ikkje tidlegare tiders bygdedansar i Ryfylke, men når vi tolkar det folk fortel frå dansearrangement dei siste 30-40 år og kring 1920 og 1930, verkar det som alkoholbruken har blitt meir dominerande. Sigurd Sandvik (f. 1913) fortel at det ikkje var vanleg med alkohol når ungdommen i Bråtveit samlast til dans om søndagskveldane: «Våren var likevel ei gild tid, med mykje ungdom heime, og dans på ungdomshuset om sundags-

kveldane. Det var sjeldan alkohol med på ein vanleg dans; men om våren kunde det henda at nokon hadde «sats» å bjoda på. Det var ein fæl drykk. Til festane var det nokon som kjøpte brennevin.» (Bygd og by i nær fortid, 2, s. 270).

Når ungdom frå større geografiske område samlast på offentlege dansearrangement om laurdagskveldane, blei det gamle bygdefellesskapet kring dansen borte. Dette hadde både positive og negative sider. For dei som fekk dansa og kjende seg vel heime i det tette bygdemiljøet, var bygdesamlingane positive. Men miljøet var lite og oversiktleg. I vurderingane av bygdedansane må vi halda sterkt fram den sosiale sida. Fleire informantar understrekar at dansetreffa var den sikraste plassen å møta andre ungdommar i bygda.

Eit utvida dansemiljø skapte kontakt mellom ungdom frå fleire bygder. Som møtestad blei dansen ein utvida arena med nye sjansar til både kontakt og konflikt. Det utvida kontaktnettet blei så sjølvsagt at gutane i ei bygd ikkje så lett kunne oppleve sjalusi og sjå på jamaldringar frå andre bygder som konkurrenter om «deira» jenter. Dette skjedde lettare då dansen var knytt til ei bygd, og ungdom frå andre grannebygder berre kom på sporadiske visittar.

Å treffa ungdom frå andre bygder opplevdest som spennande framfor å berre omgåast dei ein kjende frå det nære bygdefellesskapet gjennom oppvekst og skulegang. I Ryfylke-bygder som lenge låg heller isolerte, finn vi mange ektepar i 70-års alderen der både mann og kone kjem frå same bygda. Auka geografisk aksjonsområde i fritid fører til at dei unge seinare lettare fann seg ektemakar frå andre bygder. I Årdal t.d. er fleire ungkoner i 30-40 år frå Strand. Få strandajenter blei gifte til Årdal kring 1930 då det ikkje fanst vegsamband til Tau og mindre sosial

omgang mellom ungdom frå Årdal og unge på Tau og Jørpeland.

Dansane har under skiftande tilhøve alltid vore ein viktig «sjekkestad» der føremålet var å treffa «det andre kjønn».

PRIVATBILEN UTVIDA AKSJONSOMRÅDET

I fleire år var busstransport og drosjar vanlege når ungdommen skulle på laurdagsdans. Sidan fekk dei unge sjølve privatbilar. Det gjorde det endå enklare å fara til både nabobygder og lengre vekk på dans. Folk som er fødte rett etter den andre verdskrigen, minnest at det var vanleg for ungdom på Sand og i Suldal å reisa til kvarandre der det var dans i 1960-åra. Dansearrangørar passa på å ikkje skipa til dans same laurdagen som det var dans i nabobygda. Konkurransen om «kundane» kunne føra til redusert fram møte og økonomisk fiasko.

I 1960-åra var dans på laurdagskveldane det einaste ungdom kunne gå på dersom dei ikkje høyrde til i bedehusmiljøet. Elles i veka fanst det organiserte tilbod innan idrett, og bygdekinoen viste film med nokre vekers mellomrom. Sauda, Sand og Jørpeland hadde fast kino. Ei jente frå Suldal (f. 1943) minnest ungdomsåra slik: «Det er dansane på ungdomshuset eg hugsar best. Me dansa swing med vide skjørt og rockeskor. Og etter at foreldra hadde lagt seg om kveldane, dansa me heime. Dansane var mest det einaste me kunne gå på. Det hende me gjekk både til Osen og Sand, men me hadde «Johs» til å kjøra oss. Det var heilt topp når nokon av ungdommane fekk seg bil som me fekk følgja.» (Programhefte til revy i Suldal 1990)

VIKTIG DEL AV FOLKELIVET

Dans er praktisk handling og kontakt mellom danse-

UNDERHOLDNING	
Hver aften HEINZ GRIMM og hans sjarmende solister  OCEAN RESTAURANT	teatret Bill. fra kl. 10, telf. 32 962, el. Dahles Bokh., Sandnes Lørdag og søndag kl 20 Jan Bull BALBOAS HJERTE Bill. kr. 5,- og 3,- Skoleungd. kr. 3,- alle pl.
Texas Bowlinghall er åpen fra kl. 12.00–23.00 Victoria Hotel	Skjeivik Dans lørdag 11/4 kl. 20.30 Musikk: THE KLINGERS Arr.: »KYRRE«
Algård DANS i Turnhallen lørdag Musikk: CRESCENDO Busser som vanlig etter dansen A. F. K.	Aubøsund DANS lørdag Musikk: Two Happy Tuners S. U. L.
VARHAUG Dans lørdag. Musikk: BLUEKIDS m/vokalist Knut Uldal	Østhusvik DANS i Framheim lørdag 11. april Musikk: THE STARFIGHTER UNGDOMSLAGET
	SANDNES KINO Fredag kl. 18.45 - 20.45 95 min. V. THE KID FROM TEXAS Audie Murphy, Gale Storm

Danseannonser i Stavanger Aftenblad 10. april 1964. Tre er frå Ryfylke: Skjeivik, Aubøsund og Østhusvik.

partnarane. Dansen er ofte den første kontakten mellom gut og jente, ein kontakt som ofte har utvikla seg til tettare samkvem eller livslangt forhold. Dans er og uttrykk for kjensler og eit spel der gut fører og jente følgjer med. I alle fall var møtet på dansegol-

vet slik fram til moderne diskorytmar har skapt ei danseform som meir er ein egotripp enn nærkontakt. No vrikkar og vrir utøvarane seg med fleire meters avstand til kvarandre. Dans som noko nært mellom to partnerar gav ein annan kontakt. Tradisjonelle danseformer kravde meir samhandling. Mange har vore opptatt av det erotisk pirrande elementet i møtet mellom dei to kjønna på dansegolvet. Kanskje moderne diskodans må sjåast på som mindre «syndig» enn ein flat tango?

Det har skjedd ikkje lite av drikking, ulivnad og beiske hanekampar i dansemiljøa gjennom åra. Bygdedansane har dårleg rykte i Ryfylke som andre stader. Å skapa alkoholfrie dansemiljø har aldri vore ei prioritert oppgåve. Einast veldrivne frilyndte ungdomslag greidde å gi dans plass i lagsarbeidet utan at alkoholen fekk nokon dominerande plass. Men dette skjedde få stader i Ryfylke og fleire stader berre i korte periodar. Interessant er det å registrera at på uformelle bygdedansar var det lite alkoholbruk.

Men ikkje alle som gjekk på dans drakk seg fulle, og alkoholbruken var eit mannsfenomen. Likevel var det på dans dei unge måtte for å treffa andre, dersom dei ikkje høyrde til i bedehusmiljøet. Når ein var konfirmert, var ein gammal nok til å kunna gå på dans. Dette var innarbeidd tradisjon i bygd etter bygd.

I Ryfylke er dans tradisjonelt sett på som synd, og med omgrepet dans tenkjer dei fleste på dansearrangementa på lokalet. Dei som går på dans, veit og at aktiviteten på danselokala blir sedde på med ublide og ofte fordømmande augo. Ingen andre verdslege møteplassar har så dårleg rykte som dansesamkomene.

Under dei mange vekkingane i Ryfylke har ungdom tatt farvel med dansen og funne andre møte-

plassar i kyrkje og bedehus. Ein eldre mann i Suldal fortalde at han som nyomvend plagdest med at han kjende kriblingar i dansefoten då han høyrde fengjande dansemusikk. Dansen og alt som fanst i det miljøet høyrde til i hans tidlegare syndige liv som han no var frelst frå.

Likevel fortel tradisjonen om eit visst forfall etter gjennomgripande vekkingar. Det hende at fleire vende tilbake til dansen om våren og sommaren etter at bedehuset hadde vore deira møteplass sidan dei blei omvende under vekkinga om vinteren.

Når vi vurderer dansesamkomer som viktig møteplass for ungdom, må vi ikkje gløyma at dansen var staden for både suksess og nederlag. Ikkje alle fekk dansa og ikkje alle kunne dansa. Begge grupperingane kjende seg lite vellykka i det sosiale samværet. Dansen som møteplass var og staden der ungdom opplevde svik og kjærleikssorg. I så mange samanhengar har dansen som møteplass vore ein stad med plass for både varme og sære kjensler, lengt, draum og seksualitet.

Dansearrangementa er ein viktig del av samværskulturen i Ryfylke. Likevel har desse arrangementa av forstålege grunnar gjerne vore sedde på som noko som mest ikkje fortener plass på kulturkartet. Dansen som samværsform har avgjort krav på større interesse hos dei som granskar folkeliv og folkekultur i Ryfylke. Desse arrangementa har under skiftande ytre tilhøve vore blant våre viktigaste møteplassar.

LITTERATUR OG KJELDER

Artikkelen byggjer på samtalar med folk i ulike aldrar frå fleire stader i Ryfylke. Eg har gått gjennom utrykte minneoppgåver for eldre frå Ryfylke som blei leverte til den landsomfattande tevlinga Minneoppgåve for eldre frå 1981. Kopi finst på Statsarki-

vet i Stavanger. Få informantar skriv om dansesamkomer. Elles er desse trykte kjeldene nytta:

Bakka, Egil: Norske dansetradisjonar. Kapittelet om dansen i miljøet. Oslo 1978.

Bakka, Egil m.fl.: Dansetradisjonar frå Vest-Agder. Flekkefjord 1990.

Hoftun, Hallvard M.: Suldal kultursoge. Bergen 1981.

Jordal, Marie: Livsminne. Sauda. 1985.

Moen, Ruth Anne: Folkemusikken i Rogaland. I Folk i Ryfylke nr. 2, 1987.

Rogaland i nær fortid. Oslo 1983.

Sandvik, Sigurd: Minneoppgåve. I Bygd og by i nær fortid, bind 2. Oslo 1982.

Njål Tjeltveit, født 1943, er kultursjef i Hjelmeland kommune. Han har skrive fleire bøker og artiklar om lokalhistoriske emne frå Ryfylke.

RYFYLKEMUSEET

ISBN 82 - 90271 - 04 - 2

ALLSERVICE

